

# Solund kontrollutval

**SEKOM-sekretariat**

*www.sekom.no | post@sekom.no*

## Møteinnkalling

**Møtedato:** 02.03.2015  
**Møtestad:** Møterom i bankbygget  
**Møtetid:** Kl. 11:00

**Innkalling:** Faste medlemar i utvalet  
Rådmannen i sak 3  
Revisor i sak 4

Dersom du ikkje kan møte: Meld frå på e-post:

- Audhild Ragni Vie Alme: [arva@sekom.no](mailto:arva@sekom.no) (mobil: 971 70 064)

Varamedlemar møter etter nærare innkalling.

### Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
001/15	Godkjenning av innkalling og sakliste
002/15	Skriv og meldingar
003/15	Prosjektstatus og byggerekneskap
004/15	Revisor sin eigenvurdering av uavhengigheit
005/15	Årsmelding 2014 - Solund kontrollutval
006/15	Møteplan 2015 for Solund kontrollutval
007/15	Oppfølgingsliste 1-2015
008/15	Eventuelt

Med helsing

Rune Steinsund  
Leiar

# SEKOM-sekretariat

<b>Saksgang</b> Solund kontrollutval	<b>Møtedato</b> 02.03.2015	<b>Saksnr</b> 001/15
---	-------------------------------	-------------------------

<b>Sakshandsamar:</b> Arnar Helgheim	<b>Arkiv:</b> FE-	<b>Arkivsaknr.:</b> 15/167
---	----------------------	-------------------------------

## Godkjenning av innkalling og sakliste

### Vedlegg:

Ingen vedlegg i saka.

### Tilråding:

*(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).*

Innkalling og sakliste vert godkjent.

# SEKOM-sekretariat

<b>Saksgang</b> Solund kontrollutval	<b>Møtedato</b> 02.03.2015	<b>Saksnr</b> 002/15
---	-------------------------------	-------------------------

<b>Sakshandsamar:</b> Audhild Ragni Vie Alme	<b>Arkiv:</b> FE-033, Komnr-1412	<b>Arkivsaknr.:</b> 15/169
---	-------------------------------------	-------------------------------

## Skriv og meldingar

### Vedlegg:

Nr	Dok.dato	Tittel	Dok.ID
1	22.01.2015	Årsrekneskap og årsmelding 2014 frå skatteoppkrevjaren i Solund	15/196
2	23.02.2015	Kontrollrapport 2014 vedkomande skatteoppkrevjarfunksjone for Solund kommune	15/428
3	04.12.2014	Eigarskapsmelding 2014 - Solund kommune	15/429
4	04.12.2014	Økonomiplan 2015 - 2018 med budsjett 2015	15/430
5	01.12.2014	Beskytt kommunen! Håndbok i antikorrupsjon	14/804
6	13.01.2015	Evaluering av kontrollutval og kontrollutvalssekretariat	15/79

### Tilråding:

*(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).*

Skriv og meldingar vert tekne til orientering.

**Fra:** Kjell Mongstad  
**Sendt:** 22. januar 2015 14:26  
**Til:** SkattvestFellespostRK@skatteetaten.no; Sekom postmottak;  
'nils.geir.myrkaskog@sfj.no'  
**Kopi:** Borgny Leirvåg  
**Emne:** VS: Rapportering pr. 31.12.2014  
**Vedlegg:** Årsmelding 2014 - SKO i Solund med underskrift.pdf; Årsrekneskap 2014 - SKO i Solund med underskrift.pdf

Her fylgjer Årsrekneskap og Årsmelding år 2014 frå SKO i Solund; - vonaleg til ålmenn åtgaum og glede!

Mvh

Kjell Mongstad

Skatteoppkrevjaren i Solund

Tlf. 908 31 711



Heimeside: [www.solund.kommune.no](http://www.solund.kommune.no) <<http://www.solund.kommune.no/>>

Her kan du sjå ein kort film om Solund: <<http://www.youtube.com/watch?v=E3RbqQhfrQQ>>

# Årsmelding for 2014

Til Skatterekneskapen i Solund



«Tverangguten»

Motiv frå Tveranger i Solund

## Skatteoppkrevjaren i Solund kommune



## 1. Generelt om skatteoppkrevjaren si verksemd

### 1.1 Skatteoppkrevjarkontoret

#### 1.1.1 Ressursar

Ressursfordeling – fordelt etter årsverk	Årsverk	%-fordelt
Skatterekneskap	0,40	40%
Innfordring av skatt/ arbeidsgjevaravgift	0,30	30%
Kontrollverksemd	0,13	13%
Informasjon og rettleiing til rekneskapsførarar/ revisorar	0,02	2%
Skatteutval	0,00	0%
Administrasjon	0,15	15%
<b>Sum:</b>	<b>1,00</b>	<b>100%</b>

#### 1.1.2 Organisering

Stillinga som skatteoppkrevjar er tillagt økonomisjefen i Solund kommune og den daglege føringa/ arbeid med skatterekneskapen er organisert under økonomikontoret der ein konsulent er tilsett som skatterekneskapsmedarbeidar.

Kontrollverksemda vert løyst i eit interkommunalt samarbeid, der Solund er deltakar med om lag 15%. Solund er vertskommune for ordninga.

SKO-ane i HAFS har i dag eit godt samarbeid, der vi nyttar kvarandre i ulike samanhengar. IRK-en er fagleg underlagt den einskilde SKO i samarbeidskommunane. I administrative spørsmål er IRK direkte underlagt administrasjonssjefen i Solund kommune som òg har arbeidsgjevaransvaret.

I perioden medio september-desember 2014 har IRK-tenesta vore delvis ute av drift, sidan det har oppstått eit langtidssjukefråvær.

Det er gjort tiltak for å kompensera for fråværet i påvente av friskmelding. Sjå avsnitt om ressurs og kompetanse.

Det ligg an til ei god stabilitet i organiseringa komande inntektsår.

#### 1.1.3 Ressurs og kompetanse

- SKO har lang erfaring som tidl. SKO i Austrheim og Solund kommune, og har gjennomført Skatteetatskulen. I si tid var SKO-en aktiv deltakar i etablering av den interkommunale arbeidsgjevarkontrolltenesta i HAFS.
- Skattekonsulenten har høg kompetanse gjennom lang erfaring frå skatterekneskap og innfordring, samt via gjennomførte kurs og opplæring ved alle skatteområde.
- Vår tidlegare rekneskapskontrollør er tilsett ved økonomikontoret i Solund kommune
- Den tilsette IRK-en vert rekna som nestor på arbeidsgjevarkontrollside i Fylket. Denne var også aktiv med i prosessane med å etablera IRK-tenester i Fylket

Ressurssituasjonen vert vurdert til å vera god og kompetansen vert vurdert til å vera høg i Solund kommune, til både å handtere skatterekneskap, restansar og våre skatteytarar / arbeidsgjevarar; - anten det er snakk om innfordring, og/eller kontrollverksemd.



### Om den særskilde ressursituasjonen hausten / vinteren år 2014 / 2015:

Tidleg haust vart vår interkommunale kontrollør diverre sjukemeld.

Etter ei tid fekk vi melding frå helsesystemet at dette dreidde seg om ei sjukemelding som nok ville halda fram utover nyåret.

Straks denne meldinga vart motteken, vart SKO-ane einige om å iverksetja ei tilsetjing; - og då i 1/1 –års vikariat med så snarleg tiltreding som mogleg (jf. vedlagde utlysingstekst). Det melde seg 6 søkjarar til stillinga.

SKO-ane tilrådde tilsetjing av ein velkvalifisert søkjar som både var autorisert rekneskapsfører og hadde tidlegare erfaring frå rekneskapskontrollarbeid.

Dersom det skulle syne seg å verta overtalligheit, som følgje av at den sjukmelde kom tilbake før signalisert, var Solund kommune viljug til å ta risken/satse på at den interkommunale tenesta vår, ville få selt kontrolltenester mot andre kontrollmiljø i regionen/fylke.

Samstundes kom det denne hausten klare signal, om at det vil gå mot ei statleggjering av SKO-funksjonen, og at svært mange stillingar skulle salderast bort i endringsprosessen. Kommunar som ville miste arbeidsplassar, vart nemnd med namn i media.

Dette gjorde at Solund kommune, som vertskommune og arbeidsgjevar, drøfta situasjonen med dei samarbeidande kommunane og i IRK-fellesskapet.

Det vart fort trekt ein konklusjon på at ein ikkje kunne gjennomføra ei tilsetjing, før sak om statleggjering vart avgjort (juni 2015), og så lenge det er usikkert om kor mykje ein kan forventast av ressursinnsats frå den som no er gradert sjukemeld. Solund kommune som arbeidsgjevar var ikkje lenger viljug til å ta økonomisk risiko aleine med å føreta ei tilsetjing, utan tilslutnad frå dei andre samarbeidande kommunar og/eller utan konkrete avtalar om sal av kontrolltenester mot andre kommunar/kommunesamarbeid.

Slike avtalar vert sett på som umogleg å få på plass slik situasjonen utvikla seg.

Ressursinnsatsen har såleis vore vesentleg redusert siste tertial, og dette er altså årsaka til at målkrava ikkje vert nådd i alle dei samarbeidande kommunane.

#### *Dagens situasjon:*

Den sjukmelde er nyleg kome tilbake i 20% stilling, og iflg. opptrappingsplanen skal ressursinnsatsen auka utover vinteren/våren. Tilretteleggingstiltak vil verta vurdert. HAFS-kommunane vil såleis koma bakpå også når det gjeld målkrava 1. halvår 2015.

Ny tilsetjingsprosess vil ev. verta sett i verk når Stortinget har fatta eit endeleg vedtak i statleggjeringsprosessen

## **1.2 Internkontroll**

SKO ferdigstilte rutineskildringar for Solund skatteoppkrevjarkontor i år 2011. Det vart utarbeidd rutineskildringar for den interkommunale kontrollverksemda i inntektsåret 2013.

## **1.3 Vurdering av skatteinngangen**

### **1.3.1 Total skatte- og avgiftsinngang i rekneskapsåret (2013-tal i parantes):**

Den totale skatteinngangen til Solund kommune er kr. 79,638 mill. (75,770) som blir fordelt



til ulike kreditorar. Jf. vedlagte samandrag «årsrekneskap kommune».

### 1.3.2 Kommunen sin del av skatteinngangen i rekneskapsåret Solund kommune sin del av skatteinngangen i perioden 2010-2014:

År	2010	2011	2012	2013	2014
<b>Beløp</b>	16 545	16 399	17 834	18.557	<b>18.381</b>
<b>Endring i %</b>	-6,8%	-0,9%	+8,8%	+4,1%	<b>-0,9%</b>

Som det går fram av tabellen, så er andelen skatt til Solund kommune redusert.

## 1.4 Skatteutval

Solund kommune har ikkje hatt saker til skatteutvalet i inntektsåret.

## 2. Skatterekneskapen

### 2.1 Avlevering av skatterekneskapen

#### Avlevering av skatteregnskapet

Skatteoppkrevjaren i Solund kommune stadfestar at skatterekneskapen i inntektsåret er ført, avstemt og avlagt i samsvar med gjeldande forskrifter og retningslinjer, jf Instruks for skatteoppkrevjarar § 3-1.

Årsrekneskapen for inntektsåret følgjer som vedlegg til årsmeldinga, og er signert av skatteoppkrevjaren.

### 2.2 Margin

#### 2.2.1 Margin for inntektsåret 2013

Innestående margin for inntektsåret 2013, pr. 31/10 2014: kr. 0  
For lite avsett margin for 2013: kr. -1.407' (-844')

Marginprosent: 11,0%

#### 2.2.2 Margin for inntektsåret 2014

Marginavsetnad for inntektsåret 2014, pr. 31/12 2014 kr. 6.205' (6.249)

#### 2.2.3 Kommentar til marginavsetninga

Historiske data gjev grunn til å vurdere ei auke av marginavsetnaden.

Men det skjer vesentlege endringar i den sentrale skattepolitikken som gjer at det er vanskeleg å vurdere kva som bør vera rett marginavsetnad for framtidige år.





### 3. Innføring av krav

#### 3.1 Restanseutviklinga

##### 3.1.1 Totale restansar og berostilte krav

Skatteart	Restanse 31.12 i år	Herav berostilt 31.12 i år	Restanse 31.12 i fjor	Herav berostilt 31.12 ifjor	Endring i restanse	Endring i berostilt restanse
Arbeidsgiveravgift	22 263	0	96 985	0	-74 722	0
Artistskatt	0	0	0	0	0	0
Forsinkelsesrenter	17 239	0	24 849	0	-7 610	0
Forskuddsskatt, firma	0	0	0	0	0	0
Forskuddsskatt, person	172 509	0	60 912	0	111 597	0
Forskuddstrekk	38 676	0	193 992	0	-155 316	0
Gebyr	0	0	0	0	0	0
Innføringsinntekter	1 591	0	1 591	0	0	0
Inntekt summarisk fellesoppgjør	0	0	0	0	0	0
Kildeskatt	0	0	0	0	0	0
Restskatt, firma	93 067	0	0	0	93 067	0
Restskatt, person	407 611	195 290	476 651	195 290	-69 040	0
Sum restanse ekskl. diverse krav	0	0	0	0	0	0
Diverse krav	0	0	0	0	0	0
<b>Sum totale restansar</b>	<b>752 956</b>	<b>195 290</b>	<b>854 980</b>	<b>195 290</b>	<b>-102 024</b>	<b>0</b>

##### 3.1.2 Kommentar til restansesituasjonen og utviklinga i restansar

Samla reduksjon på kr. -102' (+98') frå i fjor skuldast både aktiv og systematisk arbeid med restansane. Personleg dialog og rådgjeving har vore aktiv nytta og har gjeve betra resultat.

Berostilte krav er på same nivå som i fjor. Det er ikkje gjort avskrivningar av ubetalte / berostilte krav i inntektsåret.

Det er no avklart at dette eine kravet kan avskrivast, etter at gjeldsordningsperioden no er over. Skatten vert vurdert som ufåande.

Ettergjevnader er heller ikkje gjort i år 2013 og då etter vurderingar av aktuelle restansar.

##### 3.1.3 Restansar eldre år

År	Rapportert i år	
	Restanse	Av dette personskatt
2012	23 221	2 206
2011	13 189	13 018
2010 – LF/MH	653	653
2009 – SB/UTL	793	661



2008 - UTL	4574	4574
2007 - BG	1 668	1 668
2006 - DM	2 604	2 604
2003 - BG	7 325	7 325
2002 - BG	33 795	33 795
2001 - BG	13 127	7 186
1999- JN	195 290	195 290

### 3.1.4 Kommentar til restansar og restanseoppfølginga for eldre år

Kontoret har gjennomgått rapporten "Restanseliste - forelda krav" dato tom 31.12 føregående år. Korrigeringar vil verta gjort.

#### Tal krav som var forelda per 31.12 i inntektsåret:

Solund kommune har samla 7 krav som er forelda. Av desse er 1 krav oppgjort i januar 2015. Samla beløp på krav som var forelda per 31.12 i rekneskapsåret: **Kr. 6.390 (793)**

Av desse attståande krava er 4 knytt til utanlandske personar som det ikkje har vore mogleg å oppnå kontakt med. Det er heller ikkje vore råd å finna nye arbeidsgjevarar i Noreg. Krava er svært små og det har ikkje vore tenleg å bruke meir detektivressursar på å oppspore personane.

Dei siste 2 krava er renter knytt til rentekrav på nyleg oppgjort hovudstol. Vert vurdert avskrive.

## 3.2. Innfordringa si effektivitet

### 3.2.1 Vurdering av kontoret sitt resultat per 31.12 inntektsåret:

Viser til ovanstående tabellar, samt «rapportering frå skatteoppkrevjarkontoret til skattekontoret pr. 31.12.2014».

Resultatmåla må seiast å vera nådd med grei margin.

### 3.2.2 Vurdering av samanheng mellom aktivitet og resultat

Det vert jobba kontinuerleg med å innfordre krav, og kommunen har få tyngre saker som dei må handtere. Det vert brukt mest utleggstrekk og motrekning i eksterne krav, og då alltid etter at alle andre utvegar for løysingar er vurdert /nytta.

Dialog vert prioritert i innkrevjingsarbeidet. «Kunden» har ofte samansette utfordringar og heile menneske og restansesituasjonen vert sett under eitt i innfordringsarbeidet.

Hovudet vert også nytta, før armar og bein vert aktivert. Det syner seg å vera lurt, med tanke på å oppretthalda ein god betalingsmoral i bygda.

## 3.3. Særnamskompetanse

Solund kommune nyttar både sin eigen særnamsmannskompetanse, men også Lensmannen i Gulen. Masfjorden og Solund har vore nytta.



## 4. Arbeidsgjevarkontroll

### 4.1 Organisering av arbeidsgjevarkontrollane

Solund kommune er med i eit interkommunalt samarbeid om arbeidsgjevarkontrollen. HAFS- samarbeidet som består av kommunane Hyllestad, Askvoll, Fjaler, Solund og Gulen og samarbeidskommunane delar ein stilling (100% stilling) som interkommunal rekneskapskontrollør. Solund kommune er for tida vertskommune og har arbeidsgjevaransvaret for stillinga.

### 4.2 Planlagte og gjennomførte kontrollar

Det var planlagt 4 kontrollar for rekneskapsåret.  
Tal gjennomførte kontrollar i regnskapsåret: 3  
Som utgjør: 4,1% av totalt tal leverandørar av LTO i kommunen.

### 4.3 Resultat frå arbeidsgjevarkontrollen

Det vart avdekket eit auka grunnlag for arbeidsgjevaravgift på **kr. 63.388** i den eine av rekneskapskontrollane i 2014.

#### 4.4.1 Vurdering av arbeidsgjevarkontrollområdet

Arbeidsgjevarkontrollområdet fungerer godt.  
Ressurssituasjonen var stabil fram til september 2014.  
Målkravet på tal kontrollar er nærast nådd.

Målkravet på avdekkingsresultatet er ikkje nådd, og dette skuldast ei langtidssjukemelding.

Fokus på utplukk i vår kommune, har alltid vore å kunna framstå som ein synleg informativ kontrollinstans, og kontrollverksemda vil alltid ha størst preventiv funksjon i ein liten og oversiktleg kommune.

Når det førekjem langvarig sjukdom er ein sjølvstekt sårbar på målkrava. Det vil alle arbeidsplassar vera, så sant det ikkje er ledig kapasitet ved tenesta. Omsøta for den den sjukmelde vil vege tungt i arbeidet med å få gjenoppretta normal ressurssituasjon igjen. Denne utfordringa er drøfta internt i kontrollsamarbeidet og det vart lagt ein plan seinhaustes for å løysa noko meir av målkrava. Jf. også innleiinga i denne rapporten og neste avsnitt.

Jamfør elles "svar på rapport etter kontroll av kontrollsamarbeidet i HAFS" frå medio desember 2012 og dialogen som har vore i ettertid.

### 4.5 Samarbeidet med andre SKO / andre kontrollaktørar:

Samarbeidet med SKO-ane regionalt har vore framifrå. Ein forsøker å snu seg rundt når utfordringane kjem og ein drøftar ulike felles problemstillingar i halvårsvise dialogmøter, der også IRK-en deltek.

Det har vorte forsøkt å få etablert ei større kontrollering, og det ved fleire vende, og seinast i ein prosess som vart avslutta i 2012. Målet var å få eit betra og mindre sårbart samarbeid. Dette lukkast ein ikkje å koma i mål med, mykje grunna at eit utvida samarbeid vart usedvanleg kostbart.



Å utvida kontroll samarbeidet til ei noko større eining (regionalisering), vert vurdert som lite aktuelt på noverande tidspunkt (jf. prosess med statlegging av SKO).

Dette vert herifrå vurdert til berre å føre til auka samarbeidskostnader for dei små einingane. I tillegg vert det større sårbarheit for endå fleire kommunar.

Det er også dokumentert at små verksemdar etterspør tilgjenge, nærleik og lokalkunnskap frå Skatteetaten, dei større verksemdene er dette mindre viktig for.

Om ein vil utvida kontroll samarbeidet til større einingar, kan ein like godt gjennomføra ei total sentralisering og statlegging av heile kontrollordninga i Norge.

Ei mellomløyning, slik det no kanskje vert lagt opp til, løysar lite av både sårbarheit og den påståtte manglande kompetanse (kva er kompetanse i denne samanheng?).

Ei mellomløyning vert difor vurdert til at ein mister både smådrifts- og stordriftsfordelene. Difor sit SKO i Solund «stille i båten» med tanke på utvida samarbeid, fram til stortingsvedtak vert fatta.

#### 4.6 Gjennomførte informasjonstiltak

Ein driv med informasjon i den grad verksemdar melder inn behov. Det vert ved bokettersyn gått gjennom aktuelle tema som kan vere nyttig for arbeidsgjevarar.

Løpande dialog vil vera SKO i Solund sin prioriterte arbeidsform.

Hardbakke 20.01.2015

*Kjell Mongstad*

Skatteoppkrevjaren i Solund kommune

**Vedlegg:** Årsrekneskapen for 2014.

Kopi: RK, Njøsavegen 2, 6863 Leikanger  
Sekom Sekretariatet, Pb. 338, 6802 Førde  
Sogn & Fj. Fylkeskommune, Njøsavegen 2, 6863 Leikanger

# Årsregnskap - kommune - sammendrag

Utvalgskriterier: Komm nr : '1412' , År : '2014' , Hovedbokstype : 'k'

	Valgt år	Forrige år
Likvider	6 782 362	6 228 894
Skyldig skattekreditorene	-572 214	17 879
Skyldig andre	-15 509	-13 111
Innestående margin	-6 194 635	-6 233 658
Udisponert resultat	-3	-3
<b>Sum</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
Arbeidsgiveravgift	-10 984 982	-10 884 261
Personlige skatteyttere	-61 989 854	-63 899 550
Selskapsskatt	-6 684 038	-1 038 648
Renter	18 917	54 362
Innfordring	1 858	-2 337
<b>Sum</b>	<b>-79 638 098</b>	<b>-75 770 434</b>
Fordelt til Folketrygden - arbeidsgiveravgift	10 984 982	10 884 261
Fordelt til Folketrygden - medlemsavgift	17 816 381	17 131 983
Fordelt til Fylkeskommunen	3 933 187	3 943 034
Fordelt til kommunen	18 380 881	18 557 157
Fordelt til Staten	28 522 667	25 253 999
Krav som er ufordelt	0	0
<b>Sum</b>	<b>79 638 098</b>	<b>75 770 434</b>
<b>Sum totalt</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

HANDBOKKE 20/1 - 2014  
Svein Lunde  
Skj i SOLUND

# Årsregnskap - kommune - detaljert

Utvalgsriterier: Komm nr : '1412' , År : '2014' , Måned : '12' , Hovedbokstype : 'K'

	Valgt år	Forrige år
Bank	6 782 362	6 228 894
Utbetalinger som ikke er gjennomført	0	0
<b>Likvider</b>	<b>6 782 362</b>	<b>6 228 894</b>
Int fordelt folkekr arbavg	-28 222	0
Int fordelt folkekr medlavg	-86 213	-18 480
Int fordelt stat FS	-306 635	50 475
Int fordelt til fylkeskomm	-19 061	-4 191
Int fordelt til kommunen	-89 600	-19 844
Int fordelt til stat TS mv	-29 126	-168
Mellomregnskapskonto	0	0
Oppgjørskonto RAFT	-13 357	10 087
<b>Skyldig skattekreditorer</b>	<b>-572 214</b>	<b>17 879</b>
Diverse debitorer og kreditorer	-14 421	-12 409
Innbetalinger ikke innteksført	-1 088	-702
Uidentifiserte innbetalinger	0	0
<b>Skyldig andre</b>	<b>-15 509</b>	<b>-13 111</b>
Innestående margin	-6 194 635	-6 233 658
Udisponert resultat	-3	-3
<b>Ikke fordelt til skattekreditorer</b>	<b>-6 194 638</b>	<b>-6 233 661</b>
Arbeidsgiveravgift	-10 984 982	-10 884 261
Personlige skatteytetere	-61 989 854	-63 899 550
Selskapskatt	-6 684 038	-1 038 648
<b>Innbetalt skatter og avgifter</b>	<b>-79 658 873</b>	<b>-75 822 459</b>
Renteinntekter	-77 981	-34 483
Renteutgifter	96 898	88 846
<b>Renter</b>	<b>18 917</b>	<b>54 362</b>
Innfordringsinntekter	-985	-28
Innfordringsutgifter	2 843	-2 309
<b>Innfordring</b>	<b>1 858</b>	<b>-2 337</b>
Fordelt til Folketrygden - arbeidsgiveravgift	10 984 982	10 884 261
Fordelt til Folketrygden - medlemsavgift	17 816 381	17 131 983
Fordelt til Fylkeskommunen	3 933 187	3 943 034
Fordelt til kommunen	18 380 881	18 557 157
Fordelt til Staten	28 522 667	25 253 999
<b>Fordelt skattekreditorer</b>	<b>79 638 098</b>	<b>75 770 434</b>
Krav som er ufordelt	0	0
<b>Sum totalt</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

## Forklaring til årsregnskapet

Skatteregnskapet er avlagt etter kontantprinsippet. Skatteregnskapet viser skatter og avgifter mv som er innbetalt i løpet av regnskapsåret.

Innbetalte skatter og avgifter mv er fordelt til kommunen, fylkeskommunen, folketrygden og staten (skattekreditorene), etter gjeldende fordelingstall.

## Sumlinjene i årsregnskapet

- **Likvider**  
Likvidene i skatteregnskapet består av bankbeholdning for skatt og eventuelt kontantbeholdning.
- **Skyldig skattekreditorene**  
Fordelingsoppgjøret til skattekreditorene for desember, står som gjeld i balansen pr. 31.12. Skatteoppkreveren skal utbetale fordelingsoppgjøret til skattekreditorene senest 10. januar.  
  
Dersom dette er et positivt beløp, har skatteoppkreveren en fordring på skattekreditorene. Skattekreditorene skal innbetale dette beløpet til skatteoppkreveren senest 20. januar.
- **Skyldig andre**  
Dette beløpet består av uidentifiserte og uplasserte innbetalinger, som ikke er fordelt til skattekreditorene.
- **Udisponert resultat**  
Dette skal være et lite beløp som skyldes øreavrundning i skatteregnskapssystemet.
- **Innbetalte skatter og avgifter, Renter, Innfordring**  
Dette beløpet er innbetalt arbeidsgiveravgift, forskuddstrekk fratrukket marginavsetning, forskuddsskatt for personlige og upersonlige skattytere, restskatt og overskytende forskudd for personlige og upersonlige skattytere, kildeskatt, samt renter og gebyrer.
- **Fordelt til skattekreditorene**  
Dette er innbetalte skatter og avgifter, renter og gebyrer som er fordelt til skattekreditorene.
- **Krav som er ufordelt**  
Dette skal være et lite beløp som skyldes øreavrundning i skatteregnskapssystemet.







Kommunestyret i Solund kommune

6924 HARDBAKKE

## Kontrollrapport 2014 vedkomande skatteoppkrevjarfunksjonen for Solund kommune

### 1. Generelt om fagleg styring og kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen

Skatteoppkrevjaren sitt ansvar og mynde følger av "Instruks for skatteoppkrevjarar" av 8. april 2014.

Skattekontoret har fagleg ansvar og instruksjonsmakt overfor skatteoppkrevjarane i saker som vedkjem skatteoppkrevjarfunksjonen, og plikter å yte rettleiing og hjelp i faglege spørsmål. Skattekontoret søker gjennom mål- og resultatstyring å leggje til rette for best mogeleg resultat for skatteoppkrevjarfunksjonen. Grunnlaget for skattekontoret sin styring av skatteoppkrevjarfunksjonen er "Instruks for skattekontorenes styring og oppfølging av skatteoppkreverne" av 1. januar 2014.

Grunnlaget for skattekontoret sin kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen er "Instruks for skattekontorenes kontroll av skatteoppkreverne" av 1. februar 2011.

Skattekontoret har ansvaret for å avklare at skatteoppkrevjarfunksjonen vert utøvd tilfredsstillande i høve til gjeldande regelverk på følgjande områder:

- Intern kontroll
- Rekneskapsføring, rapportering og avlegging av skatterekneskapen
- Skatte- og avgiftsinnkrevjing
- Arbeidsgjevarkontroll

Riksrevisjonen har ansvaret for revisjon av skatteoppkrevjarfunksjonen. Skatteetaten utfører oppgåvene med kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen.

### 2. Om skatteoppkrevjarkontoret

#### 2.1 Bemanning

Sum årsverk til skatteoppkrevjarfunksjonen iht. skatteoppkrevjaren sin årsrapport:

Tal årsverk 2014	Tal årsverk 2013	Tal årsverk 2012
1,0	1,0	1,0



### 3. Måloppnåing

#### 3.1 Skatte- og avgiftsinngang

Skatterekneskapen for Solund kommune viser per 31. desember 2014 ein skatte- og avgiftsinngang<sup>1</sup> til fordeling mellom skattekreditorane (etter frådrag for avsetjing til margin) på kr 79 638 098 og uteståande restansar<sup>2</sup> på kr 752 956, av dette krav stilla på vent kr 195 290. Skatterekneskapen er avlagt av kommunen sin skatteoppkrevjar 20. januar 2015.

#### 3.2 Innkrevjingsresultat

Vi har gått gjennom innkrevjingsresultata per 31. desember 2014 for Solund kommune.

Resultata viser følgjande:

	Totalt innbetalt i MNOK	Innbetalt av sum krav (i %)	Resultatkrav (i %)	Innbetalt av sum krav (i %) førre år	Innbetalt av sum krav (i %) regionen
Restskatt personlege skattytarar 2012	2,0	99,9	97,6	98,9	95,6
Arbeidsgjevaravgift 2013	10,6	100,0	99,8	99,7	99,8
Forskotskatt personlege skattytarar 2013	4,7	99,5	99,0	99,5	99,4
Forskotttrekk 2013	35,4	100,0	99,9	99,8	99,9
Forskotskatt upersonlege skattytarar 2013	2,5	100,0	99,8	100,0	99,9
Restskatt upersonlege skattytarar 2012	1,0	100,0	99,0	100,0	99,1

#### 3.3 Arbeidsgjevarkontroll

Skatteoppkrevjaren for Solund kommune er tilslutta den interkommunale kontrollordninga i HAFS-regionen. Solund er vertskommune.

Resultat for skatteoppkrevjarkontoret per 31. desember 2014 viser i følgje skatteoppkrevjaren sin resultatrapportering:

Tal arbeidsgjevarar	Minstekrav tal kontrollar (5 %)	Tal utførte kontrollar i 2014	Utførte kontrollar 2014 (i %)	Utførte kontrollar 2013 (i %)	Utførte kontrollar 2012 (i %)	Utført kontroll 2014 region (i %)
73	4	3	4,1	5,2	2,6	4,6

### 4. Kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen

Skattekontoret har i 2014 i gjennomført kontorkontroll av skatteoppkrevjarkontoret for områda intern kontroll, skatterekneskap, innkrevjing og arbeidsgjevarkontroll.

Skatteoppkrevjarkontoret har gjeve tilbakemelding på pålegg og tilrådingar som er gjevne.

<sup>1</sup> Sum innbetalt og fordelt til skattekreditorane

<sup>2</sup> Sum opne (ubetalte) forfalne debetkrav



## 5. Resultat av utført kontroll

### • Intern kontroll

Basert på dei kontrollane som skattekontoret har gjennomført, finn vi at skatteoppkrevjaren sin overordna interne kontroll i det alt vesentleg er i samsvar med gjeldande regelverk.

### • Rekneskapsføring, rapportering og avlegging av skatterekneskapen

Basert på dei kontrollane som skattekontoret har gjennomført, finn vi at rekneskapsføringa, rapporteringa og avlegginga av skatterekneskapen i det alt vesentlege er i samsvar med gjeldande regelverk og gjev eit rettvist uttrykk for skatteinngangen i rekneskapsåret.

### • Skatte- og avgiftsinnkrevjing

Basert på dei kontrollane som skattekontoret har gjennomført, finn vi at utføringa av innkrevjingsarbeidet og oppfølginga av restansane i det alt vesentlege er i samsvar med gjeldande regelverk.

### • Arbeidsgjevarkontroll

Basert på dei kontrollane som vi har gjennomført, finn skattekontoret at utføringa av arbeidsgjevarkontrollen i det alt vesentlege er i samsvar med gjeldande regelverk, men ikkje vert utført i tilstrekkeleg omfang då skatteoppkreverkontoret har utført 4,1% kontrollar mot eit krav på 5%.

## 6. Ytterlegare informasjon

Skattekontoret har gjennom sine kontrollhandlingar i 2014 gjeve pålegg og tilrådingar som er meddelt skatteoppkrevjaren i rapport av 6. januar 2015.

Venleg helsing

  
Arnljot von Mehren  
avdelingsdirektør  
Skatt vest

  
Jan Kåre Strøm  
underdirektør

Kopi til:

- Kontrollutvalet for Solund kommune
- Skatteoppkrevjaren for Solund kommune
- Riksrevisjonen



## Sakspapir

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Saksnr.	Møtedato	Sakshandsamar
FORMANNSKAP	076/14	18.11.2014	ERIASK
KOMMUNESTYRE	048/14	04.12.2014	ERIASK

<b>Avgjerd av:</b> Solund kommunestyre	<b>Arkiv:</b> K1-037, K3- &30 <b>Objekt:</b>	<b>Arkivsaknr</b> 12/55
--	--	----------------------------

### EIGARSKAPSMELDING SOLUND KOMMUNE 2014

#### ADMINISTRASJONSSJEFEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Solund kommunestyre gjer følgjande vedtak:

1. Eigarskapsmelding for Solund kommune 2014 vert vedteken som den ligg føre.
2. Vurderingane av fortsatt eigarskap i selskap som kommunen er medeigar i vert vedteke.

#### 18.11.2014 FORMANNSKAP

Solund formannskap vurderte saka som ei overordna sak og at habilitet ikkje vart gjeldande.

*Votering:*

Administrasjonssjefen sitt framlegg til vedtak vert samrøystes vedteke.

#### FOR-076/14 VEDTAK:

Solund kommunestyre gjer følgjande vedtak:

1. Eigarskapsmelding for Solund kommune 2014 vert vedteken som den ligg føre.
2. Vurderingane av fortsatt eigarskap i selskap som kommunen er medeigar i vert vedteke.

#### 04.12.2014 KOMMUNESTYRE

Solund kommunestyre vurderte saka som ei overordna sak og at habilitet ikkje vart gjeldande.

*Votering:*

Formannskapet sitt framlegg til vedtak vert samrøystes vedteke.

## **KOM-048/14 VEDTAK:**

Solund kommunestyre gjer følgjande vedtak:

1. Eigarskapsmelding for Solund kommune 2014 vert vedteken som den ligg føre.
2. Vurderingane av fortsatt eigarskap i selskap som kommunen er medeigar i vert vedteke.

**DOKUMENTLISTE:**

<b>Nr</b>	<b>T</b>	<b>Dok.dato</b>	<b>Avsender/Mottakar</b>	<b>Tittel</b>
1	I	20.01.2012	SEKOM-sekretariat	EIGARSKAPSSTRATEGI FOR SELSKAP SOLUND KOMMUNE EIG ELLER ER MEDEIGAR I
2	U	09.02.2012	SEKOM - sekretariat	EIGARSKAP I SELSKAP - EIGARSKAPSSTRATEGI
3	U	23.05.2012	Solund kommunestyre	SOLUND KOMMUNE EIGARPOLITIKK SOM EIGAR I SELSKAP
5	I	24.05.2012	SEKOM-sekretariat	KONTROLLUTVALET SI SAK 012/12 ORIENTERING EIGARSKAP I SELSKAP -
6	I	14.11.2012	SEKOM-sekretariat	EIGARSKAPSSTRATEGI PLAN FOR SELSKAPSKONTROLL SOLUND KOMMUNE
9	U	29.08.2013	Solund kommunestyre	EIGARSKAPSMELDING 2013
10	U	13.11.2014	Solund kommunestyre	EIGARSKAPSMELDING SOLUND KOMMUNE 2014

**VEDLEGG I SAKA:**

<b>Nr</b>	<b>T</b>	<b>Dok.dato</b>	<b>Avsender/Mottakar</b>	<b>Tittel</b>
10	I	13.11.2014	Solund kommunestyre	EIGARSKAPSMELDING SOLUND KOMMUNE 2014

**AKTUELLE LOVER, FORSKRIFTER, AVTALER M.M.:****KVA SAKA GJELD:**

Årleg vurdering av Solund kommune sine ulike eigarskap.

## **SAKSUTGREIING:**

Dette er den tredje eigarskapsmeldinga som vert lagt fram for kommunestyret. Meldinga er utarbeidd med utgangspunkt i KS «anbefaling om eigarskap. Selskapsleiing og kontroll av kommunalt/fylkeskommunalt eide selskaper og foretak, revisjon – jan 2009».

Del I av eigarskapsmeldinga omhandlar i det vesentlege eigarpolitikk der det er gjort greie for motiv og mål for offentleg eigarskap, krav retta mot eigar, kva krav ein stiller til selskapet og kva arbeidsform som blir lagt til grunn for administrativ og politisk utøving av eigarrolla.

Del II av eigarskapsmeldinga har omtale av kvart av selskapa som kommune har eigarskap i og ei vurdering av å halde fram med eigarskapen. I all hovudsak er årsmeldingar og rapportar brukt til å samanfatta faktaopplysningar om kvart selskap, jf pkt 2.2 i del 1.

Eigarpolitikk og vurderingar av selskap er i denne omgang gjort for Solund, men det vil vere naturleg for framtida å samarbeide med nabokommunane både med omsyn til eigarskapspolitikk og vurdering av selskap som ein eig i fellesskap. På den måten vil ein i større grad kunne optimalisere arbeidet (fordele selskapa) og følgje det enkelte selskapet sin aktivitet gjennom året, og ta initiativ til felles drøfting av sakene før eigarmøta. I den samanheng er det viktig at dette blir ein del av folkevaldopplæringa i løpet av første åra i ny valperiode.

I og med at selskapa sine formål, storleik og status er ulike er det ikkje gjort noko samla vurdering. Det som uansett kan vere ei rettesnor er at innan dei største aksjeselskapa er det viktig å fokusere på selskapa si evne til å jobbe strategisk og ha fokus på avkastning. I kommunale samarbeid og selskap er det viktig å fokusere på kvalitet og effektivitet.

Generelt er det viktig at alle er merksam på nye reglar for kjønnsrepresentasjon og habilitet. Nokre av selskapa må endre styresamansetjinga som følgje av endra krav til kjønnsfordeling.

### Endringar frå 2013:

Firda Produkt AS har endra namn til Mentro AS.

## **VURDERING:**

## **ETTER ENDELEG VEDTAK UTSKRIFT TIL:**

# **EIGARMELDING FOR SOLUND KOMMUNE 2014**



# SOLUND KOMMUNE

## EIGARPOLITIKK SOM EIGAR I SELSKAP

	<b>DEL 1</b>	
<b>1</b>	<b>BAKGRUNNEN FOR EIGARMELDINGA</b>	
1.1	Motiv og mål for offentlig eigarskap	
<b>2</b>	<b>GRUNNLAG FOR GODT OFFENTLEG EIGARSKAP</b>	
2.1	Obligatorisk opplæring og informasjon til folkevalde.	
2.2	Utarbeiding av eigarskapsmeldingar	
2.3	Utarbeiding og revidering av selskapsstrategi og selskapsavtaler/vedtekter	
2.4	Vurderingar og val av selskapsform	
2.5	Fysisk skilje mellom monopol og konkurranseverksemd	
<b>3</b>	<b>ARBEIDSFORMA FOR POLITISK OG ADMINISTRATIV UTØVING AV EIGARROLLA</b>	
3.1	Rolla til dei valde representantane	
3.2	Politiske avklaringar i forkant av møte i selskapet	
3.3	Rapportering om utviklinga av eigarstrategien for Solund kommune	
<b>4</b>	<b>OMFANGET AV DET KOMMUNALE EIGARSKAPET</b>	
4.1	Selskapet	
4.2	Avgrensingar i eigarskapen	
	<b>DEL II</b>	
	<b>Omtale av kvart av selskapa som kommune har eigarskap i og ei vurdering av framleis eigarskap.</b>	

# **DEL 1 EIGARPOLITIKK**

## **1. BAKGRUNNEN FOR EIGARMELDINGA**

Kommunestyret vel representantar til styre og representantskap i selskap kor ein har eigarinteresser.

Det kan vere ulike grunnar til at ein kommune heilt eller som part etablerer eit selskap, men slik som utviklinga er på dei fleste område blir det stilt store krav til profesjonalitet i utøving av eigarskap.

Eit aktivt eigarskap er grunnleggande for ein best mogleg lokalpolitisk forvaltning av dei samla verdiar og har direkte konsekvens for verksemdene, deira disponeringar og marknadsposisjon.

Det er viktig at kommunen for å kunne utøve eit profesjonelt eigarskap, har eit medvete tilhøve til føremål, generelt om verksemda til selskapet, økonomisk utvikling, framtidig utvikling og målet med kommunen sin eigarskap.

Det er og viktig at den einskilde representant som blir valt til å representere kommunen er sitt ansvar medvete i mellom anna føremål med kommunalt eigarskap.

Ein eigarskapsmelding vil sikre naudsynte styringssignal til selskapa, tydeleggjere lokalpolitikarane sitt ansvar og som resultat av dette styrke kommunen sitt omdømme.

### **1.1 Motiv og mål for offentleg eigarskap**

Ein eller fleire av desse fem kategoriane nedanfor skal leggjast til grunn for utforming av mål og motiv for selskapa som kommunen eig eller er medeigar i:

- Finansielt motivert
- Politisk motivert
- Effektivisering av tenesteproduksjon
- Samfunnsøkonomisk motivert
- Regionalpolitisk posisjonering

## **2 GRUNNLAG FOR GODT OFFENTLEG EIGARSKAP**

Følgjande prinsipp skal leggjast til grunn for Solund kommune si eigarskapspolitiske plattform, her under eigarstyring, leiing av verksemd og kontroll

### **2.1 Obligatorisk opplæring og informasjon til folkevalde.**

Kommunen skal som ein del av folkevaldopplæring gjennomføre obligatoriske kurs og/eller eigarskapsseminar for alle folkevalde i dei ulike aspekta i samband med eigarstyring i løpet av det fyrste året av valperioden.

## 2.2 Utarbeiding av eigarskapsmeldingar

Eigarskapsmeldinga er eit overordna politisk styringsinstrument for verksemder som er lagt til eit anna rettssubjekt eller eit anna interkommunalt organ.

Kvart år skal det etter sommaren leggjast fram ei sak på eit kommunestyremøte med rapportar frå alle selskapa som Solund har eigarinteresse i:

- 1) Kommunen sin samla eigarstrategi vert utforma og følgt opp av kommunestyret
- 2) Årsmelding og årsrekneskap frå selskapa vert lagd fram for kommunestyret
- 3) Viktige spørsmål å drøfte i forhold til selskapa er:
  - a) Aktuelle planar og utsikter for dei kommande åra
  - b) Økonomisk utvikling og viktige hendingar (jfr. årsmelding)
  - c) Mål og prinsipp for kommunen sitt eigarskap i selskapet
  - d) Er kommunalt eigarskap framleis føremålstenleg
- 4) Anna viktig informasjon for å ivareta openheit og meiroffentlegheit:
  - a) Kven som er styremedlem samt registrering i [www.styrevervregisteret.no](http://www.styrevervregisteret.no)
  - b) Styrehonorar – som reflektere ansvaret, kompetanse, tidsbruk og verksemda sin kompleksitet.
  - c) Kven som er revisor
  - d) Eigarandel

## 2.3 Utarbeiding og revidering av selskapsstrategi og selskapsavtaler/vedtekter

Selskapa si verksemd/virke skal komme klart fram av vedtektene/selskapsavtalen. Innan for rammene av vedtektene/selskapsavtalen skal selskapet ha definert klare mål og strategiar.

### 1. Selskapet skal vere bevisst samfunnsansvaret sitt

- a. Det bør utarbeidast og jamleg reviderast etiske retningslinjer.
- b. Sjølvstendige verksemder bør søke medlemskap i ein arbeidsgjevarorganisasjon.
- c. Meiroffentlegheit bør vere eit prinsipp

## **2. Eigarane skal handsamast likt**

- a. Selskapet skal gi dekkjande informasjon i god tid om saker som er til handsaming. Saksdokumenta bør vere utførlege nok til at eigarane kan ta stilling til alle saker som skal handsamast.
- b. I aksjeselskap bør innkalling og saksdokument til generalforsamling sendast ut minst fire veker før generalforsamlinga.
- c. For interkommunale selskap skal innkalling og saksdokument til representantskapsmøtet sendast minst fire veker før møtet.

## **3. Opningsbalansen skal vere tilpassa formålet med eigarskapet og selskapet sin situasjon.**

- a. Finansieringa av selskapet må tilpassast type verksemd.
- b. Selskapet bør ha ein eigenkapital som er tilpassa mål, strategi og risikoprofil.
- c. Selskapet bør ha ein strategi på kapitalbinding – stor kapital er vanlegvis ikkje ynskjeleg for kommunen.
- d. Løns- og insentivordningar bør utformast slik at dei fremjar verdiskapinga, og skal vere rimelege. Hovudprinsippet bør vere at selskap med kommunar som eigar, følgjer kommunale lønsvilkår.
- e. Vedtekter eller selskapsavtale bør tydeleg vise om selskapet skal utføre oppgåvene sjølv eller om dei skal eksponerast for konkurranse.
- f. Ved leveranse av tenestar frå selskapet til eigarkommunane bør det stillast krav om tenesteavtalar.
- g. Det er naturleg at eigar måler resultat ved avkastning på den kapitalen som selskapet forvaltar, kor tilfredse kundane er og HMS tilhøve, samt krav til likestilling i høve til styrande organ.
- h. Det bør utgreiast ein klar utbytepolitikk. I selskap med næringsdrift, bør ein offentleg eigar stille dei same krava til avkastning på investert kapital som det ein privat eigar vil gjere.

## **4. Styret skal ha nødvendig kompetanse, kapasitet og mangfald.**

- a. Samansetjing av styret må ein sjå i høve til føremål.
- b. Det er viktig at styret vert vald ut frå selskapet sitt behov, vedkommande sin kompetanse og styret si totale samansetjing.

- c. I selskap med betydelege sektorpolitiske mål bør det vurderast konkret om medlemmar i styret bør vere nært knytte til kommunen si politiske og administrative leiing.
- d. Same person skal ikkje sitje i både generalforsamling og styre i eit selskap.
- e. For å sikre utvikling av nødvendig kompetanse i styret skal det etablerast rutinar som ein del av styrets rammer:
  - a) Avklaring av roller ansvar og oppgåver,
  - b) Krav til kompetanse
  - c) Styreevaluering og årsplanlegging med fokus på mål, strategi og gjennomføring.
  - d) Rapportering til eigar – årsrapportering.
- f. Oppnemning av vararepresentantar bør vere numerisk og ikkje personleg vara gitt utifrå behovet for å kontinuitet og kompetanse.
- g. Habilitet. Nye reglar. Ein bør unngå situasjonar der styrets medlem blir vurdert i forhold til forvaltningslova sine reglar om habilitet.
  - a) Etter kommunelova § 65.1 kan ikkje administrasjonssjef og ordførar sitte i føretaksstyra (frå 01.01.10).
  - b) Etter forvaltningslova §6 kan ingen kommunalt tilsette eller folkevalte handtere saker i kommunen som gjelder eit selskap der dei sjølv er styremedlemmar, også der selskapa er fullt ut offentleg eigde.(Gjeldande frå 01.11.11)
- h. Kommunelova § 80a. Stiller krav om kjønnsrepresentasjon i styra i samsvar med Aksjelova §20-6

## **5. Valnemnd i aksjeselskap og interkommunale selskap**

- a. For aksjeselskap og interkommunale selskap bør det vedtektsfestast bruk av valnemnd for å sikre samansetjing av styre med kompetanse i tråd med eigars formål med verksemda.
- b. Valnemnda bør gjenspegle eigarsitsen og fleirtalet av nemnda bør vere uavhengig av styret og tilsette.
- c. Valnemnda si innstilling skal grunngjevast.

**6. Styret skal uavhengig av grunnlag ha ei aktiv rolle overfor dagleg leiar når det gjeld service, kontroll, strategi og ressursituasjon. Styret bør:**

- a. Leggje til rette for god dialog på generalforsamling/representantskapen mellom eigarar, styret og leiinga.
- b. Fastsetje ein årleg plan for arbeidet sitt med særleg vekt på mål, strategi og gjennomføring.
- c. Utarbeide plan for eige arbeid og eigen kompetanseutvikling samt evaluere verksemda si.
- d. Nye styremedlemer må lærast opp til kva ansvar og rolle dei har.

**I tillegg til prinsippa ovanfor om godt eigarskap, gjeld dette:**

Politisk vedtatt eigarstrategi bind deltakarane i generalforsamling og representantskap. I alle selskap vert det stilt krav om at sakliste og saksdokument til representantskapet, generalforsamling eller andre eigarorgan i selskapet skal sendast ut minimum 30 dagar før møtet. Dokumenta skal sendast til ordførar, valde representantar og rådmann.

Når fleire kommunar i fellesskap eig eit selskap, bør eit særskilt ansvar for oppfølging av selskapet fordelast mellom rådmennene. Den som har koordineringsansvaret for eit selskap, har som oppgåve å følgje med i selskapet sin aktivitet gjennom året og ta initiativ til felles drøfting av sakene før eigarmøta. Føremålet med ei slik arbeidsdeling er også at rådmennene i større grad skal kunne hjelpe ordførar og valde representantar i forkant av eigarmøta.

## **2.4 Vurderingar og val av selskapsform**

Det er eigaren sitt ansvar å sikre ein selskapsform som er tilpassa verksemda sitt formål, eigarstyringsbehov, marknadstilhøve og konkurranseregelverket. Før eit selskap vert danna, bør det analyserast kva eigar ynskjer å oppnå ved å opprette eit selskap framfor ei meir tradisjonell etatsorientering. Tilsvarande analyse bør gjerast når eigarstrategien skal utarbeidast.

Kommunane har følgjande muligheiter:

1. Aksjeselskap, etter aksjeloven. Generalforsamlinga er øvste organ.
2. Interkommunalt selskap (IKS), etter lov om interkommunale selskap. Representantskapen er øvste organ.

For begge desse selskapsformene blir det stilt krav til styring gjennom etablering av formelle styringsorgan som sikrar selskapa nødvendig autonomi for å fungere som sjølvstendige rettssubjekt. Kommunestyret overfører mynde til å utøve styringa til eigarorganet.

3. Kommunalt foretak etter kommunelova kap 11.

Der kommunen ynskjer å gi verksemda ein noko meir sjølvstendig stilling enn det som gjelder i den tradisjonelle etatsmodellen kan den etablere eit styre etter kommunelovas kap. 11. Kommunestyret er øvste organ.

#### 4. Interkommunale samarbeid/styre etter kommunelova §27

Kommunane står fritt til å samarbeide på ulike områder utan at det er overdratt beslutningsmyndigheit eller representasjonskompetanse ved bruk av lova §27. Avhengig av kor mykje mynde som blir overført til styret, er enkelte av verksemdene å rekne som sjølvstendige rettssubjekt.

#### 5. Stiftingar etter Stiftelseslova av 2001

Opprettarane står fritt til å fastsette formålet, og stiftelsen er eit sjølvstendig rettssubjekt. Stiftelsar har til forskjell frå dei øvrige ingen eigarar. Verken opprettaren eller andre kan med grunnlag i eigedomsretten gjere krav på del i stiftinga sitt overskot. Er ikkje anbefalt for verksemdar som krev eigarstyring.

### **2.5 Fysisk skilje mellom monopol og konkurranseverksemd**

Sjølv om konkurranselova ikkje har lovfesta at man skal dele frå verksemdar som driv i konkurranse med det private frå monopolverksemd, blir det anbefalt at dette blir gjort der det er mogleg for å unngå rolleblanding. Unntak bør berre gjerast der det kan synleggjerast samdriftsfordelar som tilseie at man har felles organisering.

## **3 Arbeidsforma for politiske og administrativ utøving av eigarrolla**

Følgjande reglar og arbeidsformer skal brukast i eigarstyringa.

### **3.1 Rolla til dei valde representantane**

- a) Dei valde representantane skal ivareta kommunen sine interesser gjennom å delta aktivt i selskapet sine organ.
- b) Oppgåver i styret vert løyste til beste for selskapet si utvikling og i samsvar med styreinstruks og eigarkrav.
- c) I enkeltsaker av prinsipiell og stor betydning kan formannskapet instruere representantane.

### **3.2 Politiske avklaringar i forkant av møte i selskapet**

Før møte i eit selskap skal dei valde representantar i Solund kunne få politiske avklaringar. Dette gjeld generelt og i saker av uvanleg art eller stor betydning spesielt. Dette skjer på følgjande måte:

Dersom ein representant melder inn ei sak eller emne før møte i Formannskapet, vurderer ordføraren dette og hentar eventuelt inn råd frå gruppeleiarane og/eller rådmann. Det blir tatt opp sak i Formannskapet enten i opent eller lukka møte, og representantskapen får svar om kommunen sitt råd/syn. Ei slik sak bør meldast til ordførar minst ei veke før møte i Formannskapet.

Dersom ein representant melder inn spørsmål til oppklaring, er det tilstrekkeleg at rådmannen vurderer dette og gir svar til representanten om kommunen sitt råd/syn.

### **3.3 Rapportering om utviklinga av eigarstrategien for Solund kommune**

Kvart år bør det leggjast fram ei sak på eit kommunestyremøte etter sommaren med rapportar frå alle selskapa som Solund kommune har eigarinteresse i.

- a. Kommunen sin samla eigarstrategi vert utforma og følgt opp av kommunestyret.
- b. Årsrapport og årsrekneskap frå selskapa vert lagde fram for kommunestyret.
- c. Viktige spørsmål å drøfte i forhold til selskapa er
  - Har kommunen ein tydeleg eigarstrategi
  - Stemmer eigarstrategien med dagens føremål?
  - Er kommune sitt engasjement framleis gyldig?
  - Er drifta i selskapet i samsvar med selskapet sitt føremål?
  - Korleis er selskapet si økonomiske stilling m.m.?

## **4 Omfanget av det kommunale eigarskapet**

### **4.1 Selskapa**

Solund kommune har pr. 31.12.2013 eigarskap i 8 aksjeselskap Dei er eigd anten i lag med kommunar eller private, eller i ein kombinasjon av dette og eigarprosenten varierar frå 3,6% til 58%. Aksjeselskap der Solund kommune har mindre aksjepostar vert ikkje omtala nærare. Rekneskapstal frå 2013 er nytta der desse har vore tilgjengeleg i Brønnøysundregisteret, elles er tala frå 2012.

Aksjeselskapa er desse:

Lutelandet Utvikling AS, Sunn Lab AS, Mentro AS, Sunnfjord Energi AS, Solund Næringsbygg AS, Opplæringsfartøy AS, Visit Fjordkysten AS, Solund Næringsutvikling AS.

Dei interkommunale selskapa (IKS) er:

Solund kommune er med på følgjande interkommunale samarbeid (etter kommunelova sin §27 – egne rettssubjekt)  
Kryss revisjon, Sekom-Sekretariat, SYS IKT og NGIR.

Ein manglar ein del nøkkeltal gjeldande kryss Revisjon, SEKOM og SYS IKT .

Solund kommune er medstiftar i følgjande stiftingar: Stiftinga Jensbua, Solund Bustadstifting, Kystmuseet.

Når det gjelder stiftingane er det ikkje tale om eigarskap sidan stiftingane eig seg sjølv. Stiftingane fell difor utanfor eigarskapsproblematikken. Stiftinga har ikkje noko operativt eigarorgan, t.d. ei generalforsamling, der eigarane utøve mynde. Det kan likevel vere ønskeleg å få utvikle ein strategi for kommunen si eventuelle deltaking ved oppretting av nye stiftingar. Stiftelsar er ikkje anbefalt for verksemder som krev eigarstyring.



## Del II VURDERING AV SELSKAP OG EIGARSKAP

Del av eigarmeldinga har omtale av kvart av selskapa som kommune har eigarskap i og ei vurdering av framleis eigarskap.

### Følgjande mal ligg til grunn for vurdering av selskap og eigarskap:

Solund sin eigardel  
Styret  
Styregodtgjersle m.v.  
Revisor  
Formål, marknad, kundar, aktivitet m.v.  
Viktige hendingar i 2013

### Økonomisk utvikling

(kr. 1000,-)	20xx	20xx	20xx
Sum inntekt			
Resultat etter skatt			
Totalkapitalrentabilitet			
Gjeldsgrad (gjeld/EK)			
Likviditetsgrad			
Eigenkapitalprosent			

Økonomiparametra blir vurdert utifrå følgjande norm:

	Ikkje tilfredsstill.	Svak	Tilfredsstill.	God	Svært god
Resultat av drift	< 0%	0-2%	3-4%	5-7%	> 7%
Totalrentabilitet	< 1%	1-5,99%	6-10%	10-15%	> 15%
Likvidetsgrad (oml/kg)	< 0,5	0,5-0,99	1-1,49	1,5-2	> 2%
Eigenkapitalprosent(ek/t)	< 3%	3-9%	10-17%	18-40%	> 40%
Gjeldsgrad (sum g/ek)	> 20	20-8	7-3	2-1	< 1

Aktuelle planar og utsikter for dei kommande åra  
Mål for kommunen sitt eigarskap i selskapet  
Er kommunalt eigarskap framleis føremålstenleg  
Tilråding:

**OMTALE AV SELSKAP SOM KOMMUNEN HAR EIGARSKAP I OG EI  
VURDERING AV FORTSATT EIGARSKAP**

**Selskap: Lutelandet Utvikling AS - 2005**

<b>Solund sin eigardel</b>	6% Sogn og Fjordane Fylkeskommune, Askvoll, Solund, Hyllestad
<b>Styre</b>	Jan Balstad (leiar), Arve Helle (nestleiar), Ingrid Skaar Døskeland, Karen Marie Hjelmeseter, Audun Erik Gisle Sunde, Ole Gunnar Krakhellen.
<b>Styregodtgjersle mv.</b>	Styreleiar 135 000,- Nestleiar 15% av styreleiar, styremedlem 10% av styreleiar.
<b>Revisor</b>	Deloitte AS
<b>Føremål, marknad, kundar, aktivitet mv.</b>	Lutelandet Utvikling AS er eit utviklingsselskap som har som oppgåve å marknadsføre Lutelandet som industriområde. Selskapet samarbeider med energiselskap, industribedrifter, teknologiutviklingsmiljø, og forskingsinstitusjonar for å få utvikla prosjekta som skal gi liv til Lutelandet. Lutelandet Utvikling AS fungerer som sekretariat for HAFS Regionsråd der Solund kommune betaler ca. kr. 38 000,- for tenesta.
<b>Viktige hendingar 2013</b>	NVE har gitt konsesjon til vindkraftanlegget på Lutelandet. Lutelandet Eigedom har overført retten til å drive vindkraftanlegg på Lutelandet til Lutelandet Energipark AS. Det vart gitt konsesjon til ein vindpark på 45MW og eit testsenter på 10 MW i 2011. Begge konsesjonane vart anka til Olje og Energidepartementet. Desse avslo anken og gav Lutelandet Energipark endeleg konsesjon juli 2013. Hausten 2013 overtok Vestavind Kraft Statoil sin eigardel i Lutelandet Energipark. Lutelandet var det einaste landbaserte vindkraftprosjektet Statoil framleis hadde interesser i. Sunnfjord Energi fekk 16. januar 2013 konsesjon på bygging og drift av ei 132kV kraftline mellom Hålandsfossen og Lutelandet. Deler av linetraseen vart anka og Olje og Energidepartementet gav Sunnfjord Energi konsesjon hausten 2013, 7 år etter dei søkte konsesjon på lina. Lutelandet Utvikling som er morselskapet til Lutelandet Eigedom. Lutelandet Offshore, som leiger grunn av Lutelandet Eigedom, har i 2014 gjort avtale med det britiske selskapet Veolia om skraping av Yme plattformar. Samstundes har Veolia inngått ei langsiktig avtale med Lutelandet Offshore om utvikling av djupvasskaia på industriområdet. HAFS utvikling AS vil verte eit dotterselskap av Lutelandet Utvikling i 2015. HAFS utvikling AS vil bli eit felles næringsutviklingselskap for HAFS regionen.

## OMTALE AV SELSKAP SOM KOMMUNEN HAR EIGARSKAP I OG EI VURDERING AV FORTSATT EIGARSKAP

### Økonomisk utvikling

(kr. 1000,-)	2011	2012	2013
Sum inntekt	1 744	3 090	2 721
Resultat etter skatt	-825(-47,3%)	688(22,3%)	-7 884(-290%)
Totalkapitalrentabilitet	-1,4%	1,4%	0,1
Gjeldsgrad (gjeld/EK)	0,1	0,1	0,1
Likviditetsgrad	0,1	0,3	0,4
Eigenkapitalprosent	93,2%	94,2%	93,3%

Resultat og avkastning er ikkje tilfredsstillande, gjeldsgraden er låg og eigenkapitalen framstår som svært god. Likviditeten er ikkje tilfredsstillande.

<b>Aktuelle planar og utsikter for dei kommande åra</b>
Jobbe vidare med utvikling av aktivitetar i samarbeid med dei aktørane som har prosjekt; herunder vindkraft, offshore vindkraft, servicehamn, rydding og riving og mineralforedling med Co2.
<b>Mål for kommunen sitt eigarskap i selskapet</b>
Støtte selskapet i arbeid med utvikling av Lutelandet som industriområde herunder mål å skape aktivitetar og arbeidsplassar. Vere aktiv bidragsytar i plan- og utviklingsaker.
<b>Er kommunalt eigarskap framleis føremålstenleg</b>
Dette er ei viktig satsing for regionen. Utifrå den framdrifta som er og har vore siste året nærmar det seg no operative aktivitetar på Lutelandet slik at deler av måla med etablering vert realisert.
<b>Tilråding</b>
Vidareføre eigarskap

## OMTALE AV SELSKAP SOM KOMMUNEN HAR EIGARSKAP I OG EI VURDERING AV FORTSATT EIGARSKAP

### Selskap: SunnLab AS (2005)

<b>Solund sin eigardel</b>	10% 10 kommunar; Askvoll, Florø, Førde, Gaular, Hyllestad, Høyanger, Jølster, Naustdal, Solund.
<b>Styre</b>	Wilhelm Sandal (leiar), Johannes Lundekvam (nestleiar), Anne-Berit Garnes, Torleif Standal, Wenche Ness Gabrielsen
<b>Styregodtgjersle mv.</b>	Samla utbetalt styregodtgjersle i 2013 er kr 85 816,- .
<b>Revisor</b>	Ingen revisor
<b>Føremål, marknad, kundar, aktivitet mv.</b>	Teknisk prøver og analyser. Dvs. laboratorietenestar til offentlege og private kundar med hovudvekt på kontroll av vatn og næringsmiddel samt konsulentverksemd og anna verksemd med tilknytning til dette.
<b>Viktige hendingar 2013</b>	SunnLab har hatt private vassverk, kommunale vassverk og Mattilsynet som sine faste kundar i 2013. Det har vore ei stor nedgang i inntektene i 2013 i forhold til 2012 for alle dei faste kundane, men særskilt for Mattilsynet (43% nedgang i forhold til 2012). Også den totale prøvemengda har gått noko ned i 2013 samanlikna med 2012. SunnLab har hatt store investeringar i 2013. Det vart kjøpt analyserobot og vassrensaneanlegg.

### Økonomisk utvikling

(kr. 1000,-)	2011	2012	2013
Sum inntekt	3 331	3 416	3 277
Resultat etter skatt	295(8,9%)	400(11,7%)	-177
Totalkapitalrentabilitet	25,4%	26,2%	-10,9%
Gjeldsgrad (gjeld/EK)	0,4	0,3	0,3
Likviditetsgrad	3,1	4,4	2,8
Eigenkapitalprosent	69,5%	78,9%	77,6%

Likviditet og gjeldsgrad er svært god. Eigenkapital-% har også vore svært god dei siste åra.

### Aktuelle planar og utsikter for dei kommande åra

Ein ser for seg å oppretthalde oppdragsmengda på same nivå i 2014 som i 2013. Det er auka fokus på mattryggleik som er eit potensiale for SunnLab. Det er også eit auka fokus på kontroll av dusjanlegg for legionellabakterien, og SunnLab vil freiste å komme inn i denne marknaden. Ein håper også på vekst for offshorekundar. Dei nye investeringane vil redusere kostnadsnivået i verksemda og styrke deira posisjon i marknaden framover.

### Mål for kommunen sitt eigarskap i selskapet

Jf. Formål

### Er kommunalt eigarskap framleis føremålstenleg

Med auka fokus på og strengare krav til kontroll av vatn og næringsmiddel, og der kommunane har ansvar, vurderast eigarskap i selskapet som teneleg.

### Tilråding

Vidareføre eigarskapen.

## OMTALE AV SELSKAP SOM KOMMUNEN HAR EIGARSKAP I OG EI VURDERING AV FORTSATT EIGARSKAP

### Selskap: Sunnfjord Energi AS – 1914

<b>Solund sin eigardel</b>	4,33% 7 kommunar (Førde, Gaular, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund samt BKK) Solund kommune mottok i 2013 ca. kr. 562 000,- i utbyte.
<b>Styre</b>	Harry Mowatt (leiar), Atle Neteland (nestleiar), Aud Marit Hage, Arild John Horsevik, Nils Asbjørn Gjerland, Jan Halvor Storkås, Siv Karen Hestad, Vegard Tore Strand
<b>Styregodtgjersle mv.</b>	Samla utbetalt styregodtgjersle i 2013 er kr 600 000,- (konsernselskapet).
<b>Revisor</b>	Deloitte AS
<b>Føremål, marknad, kundar, aktivitet mv.</b>	Sytle for lønnsam produksjon, overføring og omsetnad av miljøvenleg energi, og skapa ny aktivitet innan område som kan ha tilknytning til kjerneaktivitetane og der ein kan utnytte selskapet sine fortrinn. Produksjon og omsetnad av fornybar energi, utbygging og drift av om lag 2600 km linjenett, småkraftverk, breiband, fiber, alarm, varmpumpe og anna entreprenørverksemd, vindkraft.
<b>Viktige hendingar:</b>	Sunnfjord Energi fekk i mars 2014 melding om fornya reguleringskonsesjon for Nordstrandsvatnet og tillating til utviding av Øvre Svultingen Kraftverk i Høyanger. I tillegg til dette fekk dei løyve til erverv av tidlegare fallrettar i Stakaldefossen i Jølster kommune, Øvre Svultingen i Høyanger kommune og Nedre Svultingen i Hyllestad kommune. Ervervet er eit steg på vegen mot fornying og utviding av kraftverka.

### Økonomisk utvikling (konsern)

(kr. Mill.)	2011	2012	2013
Sum inntekt	410	330	550
Resultat etter skatt	30(7,3%)	6(1,8%)	56(10,2%)
Totalkapitalrentabilitet	6,6%	4,2%	8,3%
Gjeldsgrad	2,3	2,4	2,3%
Likviditetsgrad	1,1	1,1	1,4
Eigenkapitalprosent	30,1%	28,7%	30,9%

Konsernresultatet i 2013 var godt. Årsaka til at resultatet vart betre enn forventa var at ein hadde ei sær s høg inntektsramme for nettverksemda samtidig med gode prisar på kraftverka sin produksjon. Det var også ei god inntening på breiband- og teleselskapet Eninvest. Bidrag frå spareprogram, effektivisering, låge avbrotskostnadar og høg oppetid på alle anlegg har også hatt ein positiv verknad. Gjeldsgraden og eigenkapital% er framleis god. Likviditeten og totalkapitalrentabiliteten er tilfredsstillande.

## OMTALE AV SELSKAP SOM KOMMUNEN HAR EIGARSKAP I OG EI VURDERING AV FORTSATT EIGARSKAP

<b>Aktuelle planar og utsikter for dei kommande åra</b>
Resultatutviklinga framover vil i hovudsak vere avhengig av kraftprisar/produksjon og utvikling i inntektsramme. For året 2014 er inntektsramma for nettverksemda langt lågare. Fallande kraftprisar i starten av året bidrar også til at resultatet er venta å bli vesentleg lågare i 2014 enn i 2013.
<b>Mål for kommunen sitt eigarskap i selskapet</b>
Eigarskapet i SE er viktig med omsyn til drift og utvikling av fornybar energi i vårt nærrområde (HAFS og eigen kommune) samtidig som eigarskapen representerer ein stor økonomisk verdi for kommunen. Årleg utbytte frå selskapet har dei siste åra vore på om lag kr. 1,1 mill, men vart redusert til omlag kr 550 000,- i 2012. Utbyttet er forventa å liggje på dette nivået dei næraste åra
<b>Er kommunalt eigarskap framleis føremålstenleg</b>
I samband med behov for drift av og utvikling av infrastruktur, dvs. elforsyning og breiband er det viktig at Solund kommune aktivt støttar selskapet i dette arbeidet og i strategisk utvikling av selskapet sine aktivitetar.
<b>Tilråding</b>
Vidareføre eigarskapen

**OMTALE AV SELSKAP SOM KOMMUNEN HAR EIGARSKAP I OG EI  
VURDERING AV FORTSATT EIGARSKAP**

**Selskap: Mentro AS (tidlegare Firda Produkt AS) (1986)**

<b>Solund sin eigardel</b>	3,6 % Sogn og Fjordane Fylkeskommune, 8 kommunar; Førde, Gaular, Askvoll, Naustdal, Hyllestad, Solund, Jølster. Sparebanken Sogn og Fjordane, DNB Nor, Nhf Nordvest
<b>Styre</b>	Bjørn Harald Haugsvær (leiar), Linda Ness Rotihaug (nestleiar), Normann Aarseth, Mari Constanse Jakobsen, Bjørg Helle
<b>Styregodtgjersle mv.</b>	kr. 116 600,- for heile styret
<b>Revisor</b>	PWC
<b>Føremål, marknad, kundar, aktivitet mv.</b>	Føremålet med verksemda er å drive attføringstenester, andre arbeidsretta tenester og det som naturleg høyrer til slik verksemd. Oppgåva er å hjelpe arbeidssøkjarar til å skaffe seg arbeid eller få seg utdanning.
<b>Viktige hendingar 2013</b>	Namneendring frå Firda Produkt AS til Mentro AS.

**Økonomisk utvikling**

(kr. 1000,-)	<b>2011</b>	<b>2012</b>	<b>2013</b>
Sum inntekt	11 933	13 233	13 935
Resultat etter skatt	97(8,1%)	2113 (16,0%)	1 509
Totalkapitalrentabilitet	15,4%	27,8%	16,0%
Gjeldsgrad (gjeld/EK)	0,4	0,2	0,2
Likviditetsgrad	3,1	4,5	5,2
Eigenkapitalprosent	74,0%	81,7%	83,0%

Resultatet og avkasting syner ei betring dei siste åra. Gjeldsgraden, likviditeten og eigenkapitalen er svært god.

<b>Aktuelle planar og utsikter for dei kommande åra</b>
Drift på same nivå.
<b>Mål for kommunen sitt eigarskap i selskapet</b>
Jmf. formål.
<b>Er kommunalt eigarskap framleis føremålstenleg</b>
Verksemda er samfunnsøkonomisk retta og utfyller den opprinnelege målsettinga.
<b>Tilråding</b>
Eigarskapen held fram.

## OMTALE AV SELSKAP SOM KOMMUNEN HAR EIGARSKAP I OG EI VURDERING AV FORTSATT EIGARSKAP

### Selskap: Opplæringsfartøy AS

<b>Solund sin eigardel</b>	
<b>Styre</b>	Jan E. Holvik, Jan Torvanger, Asgeir Solheim
<b>Styregodtgjersle mv.</b>	Det er ikkje utbetalt styregodtgjersle i 2013.
<b>Revisor</b>	Ernst & Young AS
<b>Føremål, marknad, kundar, aktivitet mv.</b>	Drift av opplæringsfartøy. Læreplassar for fiskerifag.
<b>Viktige hendingar 2013:</b>	

### Økonomisk utvikling

(kr. 1000,-)	2011	2012	2013
Sum inntekt	2 391	2 557	2 083
Resultat etter skatt	-559(-18,9%)	-1 236(-43,7%)	-783(-37,6%)
Totalkapitalrentabilitet	-6,6%	-19,7%	-15,2%
Gjeldsgrad (gjeld/EK)	1,9	4,3	23,3
Likviditetsgrad	1,4	1,2	0,9
Eigenkapitalprosent	34,5%	18,9%	4,1%

Resultat har dei siste åra utvikla seg negativt. Eigenkapitalen er i ferd med å bli spist opp av årlege underskot.

<b>Aktuelle planar og utsikter for dei kommande åra</b>
Drift av opplæringsfartøy.
<b>Mål for kommunen sitt eigarskap i selskapet</b>
Verksemnda er viktig for rekruttering til fiskeryrket.
<b>Er kommunalt eigarskap framleis føremålstenleg</b>
Verksemnda er samfunnsøkonomisk retta og utfyller den opprinnelege målsettinga.
<b>Tilråding</b>
Eigarskapen held fram.



## OMTALE AV SELSKAP SOM KOMMUNEN HAR EIGARSKAP I OG EI VURDERING AV FORTSATT EIGARSKAP

### Selskap: Visit Fjordkysten AS

<b>Solund sin eigardel</b>	4% Solund kommune yter eit tilskot til Visit Fjordkysten As på ca. kr. 157 000,-
<b>Styre</b>	Ørjan Sandnes (leiar), Linda Hovland (nestleiar), Jorunn Petrine Frøyen, Britt Hansen, Møyfrid K. H. Ellingsund, Marit Kristine Hjortung, Bente Iren Nesse, Roar Nordbø, Lone Marlen Bareksten
<b>Styregodtgjersle mv.</b>	Det vart utbetalt kr 31 575,- i styregodtgjersle i 2013.
<b>Revisor</b>	BDO AS
<b>Føremål, marknad, kundar, aktivitet mv.</b>	Marknadsføre, informere om, posisjonere og kvalitetskontrollere kysten sitt reiselivstilbod på vegne av initiativtakarane.
<b>Viktige hendingar 2013:</b>	Visit Fjordkysten og Stiftinga Jensbua har i 2013 jobba fram ei omorganisering av reiselivet i HAFS. Som eit resultat av arbeidet er det vedteke å leggje ned Stiftinga Jensbua og vidareføre reiselivsarbeidet i Visit Fjordkysten frå og med 1.januar 2014.

### Økonomisk utvikling

(kr. 1000,-)	2011	2012	2013
Sum inntekt	2 873	2 588	3 155
Resultat etter skatt	9 (0,8%)	-21 (-0,8%)	-13(-0,4)
Totalkapitalrentabilitet	1,2%	-2,2%	-0,9%
Gjeldsgrad (gjeld/EK)	0,8	0,5	0,5
Likviditetsgrad	2,3	2,9	2,8
Eigenkapitalprosent	56,7%	65,2%	64,8%

Resultatet er som forventa, om lag i balanse. Inntektene er noko høgare enn i 2012. Gjeldsgrad, likviditetsgrad og eigenkapitalprosent er svært gode.

<b>Aktuelle planar og utsikter for dei kommande åra</b>
Samarbeide med lokale næringsorganisasjonar for å marknadsføre og profilere kysten av Sogn og Fjordane. Visit Fjordkysten ynskjer å ta ei proaktiv rolle for å sikre utvikling og vekst i regionen i framtida.
<b>Mål for kommunen sitt eigarskap i selskapet</b>
Sikre profesjonell marknadsføring av Solund kommune og regionen som reisemål.
<b>Er kommunalt eigarskap framleis føremålstenleg</b>
Skal kommunen bidra til marknadsføring av kommunen og regionen må det skje gjennom reisemålsselskapet for området.
<b>Tilråding</b>
Eigarskapen held fram.

**OMTALE AV SELSKAP SOM KOMMUNEN HAR EIGARSKAP I OG EI  
VURDERING AV FORTSATT EIGARSKAP**

**Selskap: Solund Næringsbygg AS**

<b>Solund sin eigardel</b>	58%
<b>Styre</b>	Edel F. Bontveit (leiar), Irene Lambrechts Vaulen, Gøsta Odéen
<b>Styregodtgjersle mv.</b>	Det er utbetalt kr. 59 000,- i styrehonorar i 2013.
<b>Revisor</b>	BDO AS
<b>Føremål, marknad, kundar, aktivitet mv.</b>	Utleige av næringslokaler off. kontor, tannlege,
<b>Viktige hendingar 2013</b>	Tilbygget på Solund Næringsbygg var ferdigstilt 1. mars 2013 og leigetakarar var inne same dag.

**Økonomisk utvikling**

(kr. 1000,-)	<b>2011</b>	<b>2012</b>	<b>2013</b>
Sum inntekt	1 559	1 932	1 193
Resultat etter skatt	220(14,1%)	511(26,5%)	66(5,6%)
Totalkapitalrentabilitet	6,4%	11,4%	4,8%
Gjeldsgrad (gjeld/EK)	6,0	2,8	2,6
Likviditetsgrad	2,6	3,7	2,7
Eigenkapitalprosent	14,4 %	26,3 %	27,8%

Resultatet var lågare i 2013 enn i 2014. Gjeldsgraden er god/tilfredstillande.

Eigenkapitalgraden har gått frå å vere svak til god, og likviditeten verkar å vere svært god.

<b>Aktuelle planar og utsikter for dei kommande åra</b>
Planlagt vedlikehald av bygningane og uteområdet i 2014.
<b>Mål for kommunen sitt eigarskap i selskapet</b>
Skaffe næringsdrivande og offentlege kontor høvelege areal
<b>Er kommunalt eigarskap framleis føremålstenleg</b>
Kommunestyret har vedteke å selje heile eller deler av aksjeposten under visse føresetnader
<b>Tilråding</b>
Behalde eigarskap inntil ein oppnår akseptabel pris for aksjane.

## OMTALE AV SELSKAP SOM KOMMUNEN HAR EIGARSKAP I OG EI VURDERING AV FORTSATT EIGARSKAP

### Selskap: Solund Næringsutvikling AS

<b>Solund sin eigardel</b>	45%
<b>Styre</b>	Tom Færøy (leiar), Rolf Eide, Ingar Valvik, Gunn Åmdal Mongstad, Svein Jardar Utvær
<b>Styregodtgjersle mv.</b>	Styret har ikkje fått styregodtgjersle i 2013.
<b>Revisor</b>	Ingen revisor i 2013
<b>Føremål, marknad, kundar, aktivitet mv.</b>	Selskapet skal ha eit ideelt og ikkje økonomisk føremål, og skal ta vare på og å styrke verdiskapinga og sysselsettinga i kommunen ved å utvikle eksisterande bedrifter og medverke til etablering av nye arbeidsplassar.
<b>Viktige hendingar 2013</b>	Sette i september 2013 ned ei styringsgruppe som skulle utgreie moglege driftsmodellar for det framtidige nærings- og utviklingsarbeidet i Solund.

### Økonomisk utvikling

(kr. 1000,-)	2011	2012	2013
Sum inntekt	1 216	686	1 028
Resultat etter skatt	393 (32,3%)	-252(-36,7%)	112(10,8%)
Totalkapitalrentabilitet	65,0%	-52,7%	35,2%
Gjeldsgrad (gjeld/EK)	1,1	2,9	1,1
Likviditetsgrad	10,5	1,3	1,9
Eigenkapitalprosent	46,6%	25,1%	48,7%

Ein fekk eit positivt resultat i 2013. Mykje av årsaka til dette var at ein reduserte drifta og i periodar var dagleg leiar permitert. Likviditeten, gjeldsgrad og eigenkapital-% er svært god.

### Aktuelle planar og utsikter for dei kommande åra

I 2014 vart det gjort vedtak om å vere med i HAFS utvikling AS som er eit felles næringselskap for HAFS-regionen. Dette vil få konsekvensar for SNU og selskapet si rolle må avklarast i løpet av 2015.

### Mål for kommunen sitt eigarskap i selskapet

Jmf. formål.

### Er kommunalt eigarskap framleis føremålstenleg

Verksemda er samfunnsøkonomisk retta og utfyller den opprinnelege målsettinga.

### Tilråding

Vidare eigarskap inntil vidare.

## OMTALE AV SELSKAP SOM KOMMUNEN HAR EIGARSKAP I OG EI VURDERING AV FORTSATT EIGARSKAP

### Selskap: Nordhordland og Gulen Interkommunale Renovasjonsselskap IKS (1981)

<b>Solund sin eigardel</b>	9 kommunar (Austrheim, Fedje, Gulen, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen, Radøy og Solund) har gått saman om å løyse avfallsinnsamlinga gjennom NGIR. Solund sin ansvarsdel er 3,1%.
<b>Styre</b>	Helge Fjellanger (leiar), Ottar Skjelvik (nestleiar), Kristin B. Handeland, Kari Utkilen, Harald Farestveit.
<b>Styregodtgjersle mv.</b>	Det er utbetalt kr. 196 500 i honorar til styret og representantskapet.
<b>Revisor</b>	Nordhordland Revisjon IKS
<b>Føremål, marknad, kundar, aktivitet mv.</b>	Selskapet sitt føremål er å følgje opp fellesoppgåver i til ei kvar tid gjeldande avfallsplanar i NGIR-regionen.
<b>Viktige hendingar 2013:</b>	Arbeidet med å reisa ein omlastings- og sorteringshall starta i september 2013. Når bygget er ferdig skal omlasting og sortering av restavfall flyttast innandørs. Arbeidet med Mjåtveit gjenvinningsstasjon i Meland starta opp seinhaustes. Begge byggjeprojekta vert ferdigstilte våren 2014. I 2013 vart det starta opp arbeid med ny reguleringsplan for NGIR sitt område i Kjevikdalen. Planen skal både omfatta areal til reinseanlegg og litt utvida deponiareal. Planen vil verta lagt ut til høyring våren 2014.

### Økonomisk utvikling

(kr. 1000,-)	2011	2012	2013
Sum inntekt	90 004	93 759	91 232
Resultat etter skatt	5 113 (5,7%)	7 072(7,5%)	4 495(4,9%)
Totalkapitalrentabilitet	9,4%	?	3,0%
Gjeldsgrad (gjeld/EK)	0,50	0,38	0,49
Likviditetsgrad	2,6	4,0	2,3
Eigenkapitalprosent	66,2%	72,3%	67,2%

Resultat og avkastning har vore stabilt dei siste år. Gjeldsgraden, eigenkapital% og likviditet framstår som svært god. Selskapet har ikkje høve til å tene pengar på innsamling av hushaldsavfall, evt. overskot vert sett på fond og skal kome abonnentane til gode. NGIR har høve til å tene pengar på næringsavfall m.v.

<b>Aktuelle planar og utsikter for dei kommande åra</b>
Ferdigstilte byggjeprojekt våren 2014. Ny reguleringsplan for NGIR sitt område i Kjevikdalen vert lagt ut på høyring i 2014.
<b>Mål for kommunen sitt eigarskap i selskapet</b>
Løyse avfallsinnsamlinga i samarbeid med andre kommunar.
<b>Er kommunalt eigarskap framleis føremålstenleg</b>
Denne ordninga er med å effektivisere kommunen sin tenesteproduksjon.
<b>Tilråding</b>
Vidareføre samarbeidet.

**OMTALE AV SELSKAP SOM KOMMUNEN HAR EIGARSKAP I OG EI  
VURDERING AV FORTSATT EIGARSKAP**

**Selskap: Kryss Revisjon (Kommunerevisjonen i Ytre Sogn og Sunnfjord) (2005) - §27**

<b>Solund sin eigardel</b>	Kryss Revisjon er eit interkommunalt samarbeid med eigen samarbeidsavtale mellom 11 deltakarkommunar. Alle eigarkommunar har eit gjensidig ansvar for revisjonssamarbeidet. I 2013 betalte Solund kommune ca. kr. 409 000,- for denne tenesta.
<b>Styre</b>	Trygve Jacobseb (F), Jorunn Ringstad (A), Charlotte Melvær Skjølberg (B), Geir Tessem (Fj), Tore Jacob Madsen (Fl), Kari Birkeland (G), Jenny Norunn Nordal (Gu), Unni Systaddal (Hy), Audun Høyvik (J), Øystein Djupvik (N), Birger Hjørnevåg (So).
<b>Styregodtgjersle mv.</b>	Det er utbetalt kr. 35 000,- i styreleiargodtgjersle i 2013.
<b>Revisor</b>	Kommunerevisjonen i Nordfjord
<b>Føremål, marknad, kundar, aktivitet mv.</b>	Kryss Revisjon er deltakarkommunane si eiga kunnskaps- og rådgjevingsbedrift med spisskompetanse på offentleg forvaltning generelt og på kommunal forvaltning spesielt. Verksemda er tilpassa kommunane og dei offentlege, heileigde eller deleigde verksemdar, i eigarkommunane innafor regionane Ytre Sogn og Indre og Ytre Sunnfjord.
<b>Viktige hendingar 2013</b>	Utvida frå 7,5 til 8 årsverk i 2013.

**Økonomisk utvikling**

(kr. 1000,-)	2011	2012	2013
Sum inntekt	7 130	6 994	7 698

Nøkkeltal er ikkje tilgjengeleg.

<b>Aktuelle planar og utsikter for dei kommande åra</b>
Drift på same nivå.
<b>Mål for kommunen sitt eigarskap i selskapet</b>
Jf. Formålet
<b>Er kommunalt eigarskap framleis føremålstenleg</b>
<b>Tilråding</b>
Vidareføre eigarskap/samarbeidet.

## OMTALE AV SELSKAP SOM KOMMUNEN HAR EIGARSKAP I OG EI VURDERING AV FORTSATT EIGARSKAP

### Selskap: SYS IKT (2005)

<b>Solund sin eigardel</b>	Kostnader fordelt etter folketal og fast beløp, utgjør i dag ca. kr. 1,2 mill. Samarbeid organisert etter kommunelova §27 (frå 2010), men der Førde kommune har arbeidsgivaransvaret. 10 kommunar: Førde, Jølster, Gaular, Naustdal, Hyllestad, Askvoll, Solund, Høyanger, Gulen
<b>Styre</b>	Rådmennene i deltakarkommunane. Øyvind Bang Olsen (styreleiar) , Ole John Østenstad (nestleiar)
<b>Styregodtgjersle mv.</b>	0
<b>Revisor</b>	Kryss revisjon
<b>Føremål, marknad, kundar, aktivitet mv.</b>	Samlokalisere ikt-ressursane for å kunne vere i stand til å utnytte moderne informasjons- og kommunikasjonsteknologi til å skape kvalitativt gode tenestar til innbyggjarar og næringsliv, samt ei tilgjengeleg og effektiv forvaltning.
<b>Viktige hendingar 2013</b>	Ingen viktige endringar i 2013. Drifta gjekk som normalt.

### Økonomisk utvikling

Manglar nøkkeltal.

<b>Aktuelle planar og utsikter for dei kommande åra</b>
Arbeide vidare med å strukturere samarbeidet. Det som vil ha særleg fokus er å formalisere ansvar og dei ulike rollene i samarbeidet, integrasjon mellom fagsystem og hovudsystem samt kompetanseheving ute hjå brukarane.
<b>Mål for kommunen sitt eigarskap i selskapet</b>
Jfr. Formål
<b>Er kommunalt eigarskap framleis føremålstenleg</b>
Viser til vedtak om ny samarbeidsavtale ksak 056/09 – 15.12.09 samt strategiplan for perioden 2014-17. Utifrå tal brukarar, serverar, programvare, sikkerheitsløyinga og supportbehov er kommunane i dag heilt avhengig av å samarbeide innan IKT og det er eit av dei områda kor det størst potensiale til å dra ut effektiviseringsgevinstar.
<b>Tilråding</b>
Vidareføre eigarskap/samarbeidet.

**OMTALE AV SELSKAP SOM KOMMUNEN HAR EIGARSKAP I OG EI  
VURDERING AV FORTSATT EIGARSKAP**

**Selskap: SEKOM Sekretariat (2004) - §27**

<b>Solund sin eigardel</b>	Selskapet har i utgangspunktet to årsverk. I 2013 har det vore 1,75 stillingar pga. skifte av tilsett i rådgjevarstillinga. (2010 – 25% fast – 25% tidsbruk – 50 folketal) Samarbeid organisert etter kommunelova § 27. 15 kommunar: Førde, Jølster, Gaular, Naustdal, Flora, Askvoll, Bremanger, Gulen, Hyllestad, Solund, Gloppen, Eid, Hornindal, Stryn, Fjaler. I 2013 betalte Solund kommune kr. 72 000,- for denne tenesta.
<b>Styre</b>	Terje Engvik (Leiar)(Fø), Siv L. Rotevatn (nestleiar) (Eid), Magne Norddal (Fj), Johannes Juklestad (J), Joar Aarnes (Ga), Randi E. Reiakvam (N), Bjørn Hollevik (Fl), Walter Gundersen (A), Stig Bakke (B), Lars Atle Larsen (Gu), Morten Askvik (H), Anne Kari Reigstad (So), Jon Åge Torheim (H), Per Jarle Myklebust (Gl), Rune Myklebust (St).
<b>Styregodtgjersle mv.</b>	
<b>Revisor</b>	Kommunerevisjonen i Nordfjord
<b>Føremål, marknad, kundar, aktivitet mv.</b>	Syte for at kontrollutvala i deltakarkommunane får naudsynt bistand til å få utført kontrollutvalsoppgåver, jf. kommunelova sine reglar om kontrollutval kap 12, §77, og forskriftene om kontrollutval med heimel i kommunelova.
<b>Viktige hendingar 2013</b>	

**Økonomisk utvikling**

(kr. 1000,-)	2011	2012	2013
Sum inntekt	2 083	2 104	2 184
Resultat etter skatt (mindreforbruk)	277	138	216

Nøkkeltal er ikkje tilgjengeleg.

<b>Aktuelle planar og utsikter for dei kommande åra</b>
Utvikling av selskap og aktivitetar – mellom anna utviding av samarbeidet.
<b>Mål for kommunen sitt eigarskap i selskapet</b>
Jf. Formålet
<b>Er kommunalt eigarskap framleis føremålstenleg</b>
Denne ordninga er med å effektivisere kontrollutvalet sitt arbeid.
<b>Tilråding</b>
Vidareføre samarbeidet.



**SOLUND KOMMUNE**





## Sakspapir

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Saksnr.	Møtedato	Sakshandsamar
FORMANNSKAP	075/14	18.11.2014	KJEMON
KOMMUNESTYRE	047/14	04.12.2014	KJEMON

Avgjerd av: Solund kommunestyre	Arkiv: K1-145 Objekt:	Arkivsaknr 14/328
---------------------------------	--------------------------	----------------------

### ØKONOMIPLAN 2015 - 2018 MED BUDSJETT 2015

#### ADMINISTRASJONSSJEFEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

1. Den totale driftsramma for budsjett 2015, vert vedteke på kr. 62.425.000 , i tråd med budsjettskjema 1A i saksutgreiinga
2. Fordeling til drift vert vedteke i tråd med dei nettorammene som er lista opp i budsjettskjema 1B i saksutgreiinga, med følgjande endringar for dei einsskilte driftsåra:

Rammeområde:	2015	2016	2017	2018

3. Det totale finansieringsramma i kapitalbudsjettet for år 2015 vert vedteke med kr. 14.555.406 , i tråd med budsjettskjema 2A i saksutgreiinga.
4. Fordelinga av investeringane vert vedteke i tråd med dei løyvingane som er lista opp i budsjettskjema 2B i saksutgreiinga, med følgjande endringar for dei einsskilte driftsåra:

Prosjektnamn:	2015	2016	2017	2018

5. Låneopptaket til eigne føremål for år 2015 vert fastsett til kr. 10.233.150 ; - herav er kr. 1.235.000 knytt til rentekompenserande lån.  
Låneopptak til vidare utlån for år 2015 vert fastsett til kr. 500.000.

Vekta avdragstid på låneopptak for 2015 vert fastsett til 25 år

6. Det skal, som følgje av dette vedtaket, leggest fram eiga budsjettjusteringssak om redusert låneopptak på kr. 1.416.000 for år 2014.

7. Målformuleringar som skal gjelda for drifta i år 2015:

Det vert gjennomført ein eigen målutviklingsprosess komande år, som følgje av resultatet frå strategisk utviklingsprosess

8. Administrasjonssjefen utarbeider detaljbudsjett med bakgrunn i dei vedtekne rammer
9. Marginavsetnaden vert fastsett til 11%
10. I medhald av eigedomsskattelova (eskl.) §§2 og 3 pkt. g) vert det skrive ut eigedomsskatt på «faste eigedomar i heile kommunen, unnateke verk og bruk og annan næringseigedom»
11. Skattesatsen vert fastsett til 2,0 promille, etter eskl. § 13
12. Det vert ikkje gjort avgrensningar av eigedomsskatteområde, utover det som er nemnt i det utskrivingsalternativet som vert vedteke.
13. Takseringsreglementet skal vera gjeldande rettesnor for utskrivinga av skatten.
14. Det vert ikkje gjort differensiering av skattesatsane, utover det som er fastsett i eigedomsskattenemnda sitt vedteke takseringsreglement.
15. Det vert ikkje vedteke botnfrådrag i samband med årets utskrivingsvedtak
16. Det vert fastsett 2 terminar for betaling av eigedomsskatten etter eskl. § 25.
17. Nye søknader om fritak for betaling av eigedomsskatt vert handsama i eiga sak.

## 18.11.2014 FORMANNSKAP

### ENDRINGSFRAMLEGG FRÅ H V/OLE GUNNAR KRAKHELLEN:

2. Fordeling til drift vert vedteke i tråd med dei nettorammene som er lista opp i budsjettskjema 1B i saksutgreiinga, med følgjande endringar for dei einskilde driftsåra:

Rammeområde:		2015	2016	2017	2018
800	Anleggsbidrag fiber frå drift til investering	-250 000			
800	Arealplan sjøområde	+250 000			

- Næringsområde Sponevika vert ført frå drift år 2017 til investering år 2015
- Føresetnad om budsjettbalanse er at redusert gebyrnivå på oppmåling (-50.000), gjev auka tal oppmålingssaker (+3) og dermed tilsvarende auka inntekter (+50.000).

3. Det totale finansieringsramma i kapitalbudsjettet for år 2015 vert vedteke med kr. 13.405.406, i tråd med budsjettskjema 2A i saksutgreiinga.

4. Fordelinga av investeringane vert vedteke i tråd med dei løyvingane som er lista opp i budsjettskjema 2B i saksutgreiinga, med følgjande endringar for dei einskilde driftsåra:

<b>Prosjektnamn:</b>	<b>2015</b>	<b>2016</b>	<b>2017</b>	<b>2018</b>
Rehabilitering av 2 kommunale administrasjonshus (slår saman dei 2 eksisterande prosjekta)	200 000	400 000		
Rehabilitering adm.hus	-350 000			
Bibliotek / møtelokale	-200 000	-50 000		
Nytt forprosjekt kommunehus	100 000			
Ny samla ramme for skulen - (samla reduksjon 0,7 mill. pr. år)	2 500 000	2 679 000		
Rehabilitering skule – rentekompensasjon	-1 000 000	-1 060 000		
Auka kostnader (ikkje rentekompensasjon)		-119 000		
Riving "nyefløy"-Nybygg toalett/musikkrom	-2 200 000	-2 200 000		
Nytt forprosjekt løysing ungdomsskule	100 000			
Oppgradering kommunale vegar (vegar til øyane er prioritert i 2015)	-250 000			
Næringsareal Sponevika	250 000			
Ytrøygrend Tun+	-550 000	550 000		
Kommunal eigardel fiberprosjekt Ytre Sula	250 000			
<b>Sum endra investering</b>	<b>-1 150 000</b>	<b>200 000</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

### **Føringar til nye/eksisterande investeringsprosjekt:**

#### *Forprosjekt kommunehus:*

Det skal vurderast om det er mogleg å samlokalisere kommuneadministrasjon med Solund Næringsbygg, og til kva kostnad. Det skal også vurderast kva verdi som ligg i sal av eigedommane i hamna.

#### *Næringsareal Sponevika:*

Dette investeringsprosjektet vert iverksatt dersom næringslivet i Solund uttrykker at det er behov og ynskjer for å setje i gong eit samarbeid om dette. Solund Næringsssamskipnad vert utfordra på dette.

#### *Ytrøygrend Tun+:*

Viss det kjem interessentar vil framdrift bli vurdert på nytt i Solund kommunestyre.

#### *Veglys - utskifting kvikksøvlampar:*

Dette prosjektet må samordnast med lysplan for Hardbakke.

5. Låneopptaket for år 2015 vert fastsett til kr. 9.083.150;- herav er kr. 1.235.000 knytt til rentekompenserande lån.

Låneopptak til vidare utlån for år 2015, vert fastsett til kr. 500.000.

Vekta avdragstid på låneopptak for 2015 vert fastsett til 25 år.

#### *Framlegg om eit nytt punkt 9*

(adm.sjef sitt punkt 9 og påfylgjande punkt vert forskyvd):

Solund kommune går i dialog med Solund Bustadstifting, med målsetjing om å trappe ned subsidieringa av husleige over ein fireårsperiode.

*Votering:*

Det vart først røysta over administrasjonssjefen sitt framlegg til vedtak i punkt 1.

Administrasjonssjefen sitt framlegg til vedtak i punkt 1 vert samrøystes vedteke.

I punkt 2 vart det røysta alternativt mellom administrasjonssjefen sitt framlegg til vedtak og H sitt framlegg til vedtak. H sitt framlegg til vedtak i punkt 2 vert samrøystes vedteke.

I punkt 3 vart det røysta alternativt mellom administrasjonssjefen sitt framlegg til vedtak og H sitt framlegg til vedtak. H sitt framlegg til vedtak i punkt 3 vert samrøystes vedteke.

I punkt 4 vart det røysta alternativt mellom administrasjonssjefen sitt framlegg til vedtak og H sitt framlegg til vedtak. H sitt framlegg til vedtak i punkt 4 vert samrøystes vedteke.

I punkt 5 vart det røysta alternativt mellom administrasjonssjefen sitt framlegg til vedtak og H sitt framlegg til vedtak. H sitt framlegg til vedtak i punkt 5 vert samrøystes vedteke.

Det vart røysta over H sitt framlegg til nytt punkt 9.

H sitt framlegg til vedtak i nytt punkt 9 vert samrøystes vedteke.

Det vart røysta samla over administrasjonssjefen sitt framlegg til vedtak i punkt 6 -17.

Administrasjonssjefen sitt framlegg til vedtak i punkt 6 - 17 vert samrøystes vedteke.

## **FOR-075/14 VEDTAK:**

1. Den totale driftsramma for budsjett 2015, vert vedteke på kr. 62.425.000 , i tråd med budsjettskjema 1A i saksutgreiinga.
2. Fordeling til drift vert vedteke i tråd med dei nettorammene som er lista opp i budsjettskjema 1B i saksutgreiinga, med følgjande endringar for dei einskilde driftsåra:

Rammeområde:		2015	2016	2017	2018
800	Anleggsbidrag fiber frå drift til investering	-250 000			
800	Arealplan sjøområde	+250 000			

- Næringsområde Sponevika vert ført frå drift år 2017 til investering år 2015
  - Føresetnad om budsjettbalanse er at redusert gebyrnivå på oppmåling (-50.000), gjev auka tal oppmålingssaker (+3) og dermed tilsvarande auka inntekter (+50.000).
3. Det totale finansieringsramma i kapitalbudsjettet for år 2015 vert vedteke med kr. 13.405.406,- i tråd med budsjettskjema 2A i saksutgreiinga.
  4. Fordelinga av investeringane vert vedteke i tråd med dei løyvingane som er lista opp i budsjettskjema 2B i saksutgreiinga, med følgjande endringar for dei einskilde driftsåra:

<b>Prosjektnamn:</b>	<b>2015</b>	<b>2016</b>	<b>2017</b>	<b>2018</b>
Rehabilitering av 2 kommunale administrasjonshus (slår saman dei 2 eksisterande prosjekta)	200 000	400 000		
Rehabilitering adm.hus	-350 000			
Bibliotek / møtelokale	-200 000	-50 000		
Nytt forprosjekt kommunehus	100 000			
Ny samla ramme for skulen - (samla reduksjon 0,7 mill. pr. år)	2 500 000	2 679 000		
Rehabilitering skule – rentekompensasjon	-1 000 000	-1 060 000		
Auka kostnader (ikkje rentekompensasjon)		-119 000		
Riving "nyefløy"-Nybygg toalett/musikkrom	-2 200 000	-2 200 000		
Nytt forprosjekt løysing ungdomsskule	100 000			
Oppgradering kommunale vegar (vegar til øyane er prioritert i 2015)	-250 000			
Næringsareal Sponevika	250 000			
Ytrøygrend Tun+	-550 000	550 000		
Kommunal eigardel fiberprosjekt Ytre Sula	250 000			
<b>Sum endra investering</b>	<b>-1 150 000</b>	<b>200 000</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

### **Føringar til nye/eksisterande investeringsprosjekt:**

#### *Forprosjekt kommunehus:*

Det skal vurderast om det er mogleg å samlokalisere kommuneadministrasjon med Solund Næringsbygg, og til kva kostnad.

Det skal også vurderast kva verdi som ligg i sal av eigedommane i hamna.

*Næringsareal Sponevika:*

Dette investeringsprosjektet vert iverksatt dersom næringslivet i Solund uttrykker at det er behov og ynskjer for å setje i gong eit samarbeid om dette. Solund Næringsamskipnad vert utfordra på dette.

*Ytrøygrend Tun+:*

Viss det kjem interessentar vil framdrift bli vurdert på nytt i Solund kommunestyre.

*Veglys - utskifting kvikksøvlampar:*

Dette prosjektet må samordnast med lysplan for Hardbakke.

5. Låneopptaket for år 2015 vert fastsett til kr. **9.083.150**; - herav er kr. 1.235.000 knytt til rentekompenserande lån. Låneopptak til vidare utlån for år 2015, vert fastsett til kr. 500.000.

Vekta avdragstid på låneopptak for 2015 vert fastsett til 25 år.

6. Det skal, som følgje av dette vedtaket, leggest fram eiga budsjettjusteringssak om redusert låneopptak på kr. 1.416.000 for år 2014.
7. Målformuleringar som skal gjelda for drifta i år 2015:

Det vert gjennomført ein eigen målutviklingsprosess komande år, som følgje av resultatet frå strategisk utviklingsprosess

8. Administrasjonssjefen utarbeider detaljbudsjett med bakgrunn i dei vedtekne rammer
9. Solund kommune går i dialog med Solund Bustadstifting, med målsetjing om å trappe ned subsidieringa av husleige over ein fireårsperiode.
10. Marginavsetnaden vert fastsett til 11%
11. I medhald av eigedomsskattelova (eskl.) §§2og 3 pkt. g) vert det skrive ut eigedomsskatt på «faste eigedomar i heile kommunen, unnateke verk og bruk og annan næringseigedom»
12. Skattesatsen vert fastsett til 2,0 promille, etter eskl. § 13
13. Det vert ikkje gjort avgrensningar av eigedomsskatteområde, utover det som er nemnt i det utskrivingsalternativet som vert vedteke.
14. Takseringsreglementet skal vera gjeldande rettesnor for utskrivinga av skatten.
15. Det vert ikkje gjort differensiering av skattesatsane, utover det som er fastsett i eigedomsskattenemnda sitt vedteke takseringsreglement.
16. Det vert ikkje vedteke botnfrådrag i samband med årets utskrivingsvedtak
17. Det vert fastsett 2 terminar for betaling av eigedomsskatten etter eskl. § 25.
18. Nye søknader om fritak for betaling av eigedomsskatt vert handsama i eiga sak.

## **04.12.2014 KOMMUNESTYRE**

### **FRAMLEGG NYTT PUNKT 19 FRÅ PULS V/SIGVE LERPOLD:**

Av det generelle disposisjonsfondet blir det sett av ekstra midlar til tilrettelegging av busetjing av flyktningar. Desse midlane blir øymerka til helse- og skulesektoren med desse summane:

2015 kr 500.000  
2016 kr 1.000.000  
2017 kr 500.000  
2018 kr 500.000

### **FRAMLEGG TIL NYTT PUNKT UNDER PUNKT 4 FØRINGAR TIL NYE/EKSISTERANDE INVESTERINGSPROSJEKT FRÅ H V/OLE GUNNAR KRAKHELLEN:**

*Arealplan sjøområde:*

Solund kommunestyre ynskjer ein strategisk plan for kysten av delar av Sogn og Fjordane. Solund kommune kan vere med på medfinansieringa av ein plan gjennom avsette midlar i budsjett for 2015 til arealplanlegging sjø. Dette bør vere ein regional plan.

### **FRAMLEGG TIL NYTT KULEPUNKT TIL PUNKT 2 FORDELING TIL DRIFT 2015 FRÅ AP/SP V/TOM FÆRØY:**

Øymerke kr 50.000 til Bru Ytre Solund / ferjeavløysingsmidlar frå ansvar 800.

*Votering:*

Det vart først røysta over AP/SP sitt framlegg til vedtak til nytt kulepunkt i punkt 2.

AP/SP sitt framlegg til vedtak i punkt 2 vert samrøystes vedteke.

Det vart vidare røysta over H sitt framlegg til nytt punkt i punkt 4.

H sitt framlegg til vedtak til nytt punkt i punkt 4 vert samrøystes vedteke.

PULS sitt framlegg til vedtak til nytt punkt 19 fekk 3 røyster og fall (PULS, FRP).

11 røysta i mot.

Det vart samla røysta over formannskapet sitt framlegg til vedtak med vedtekne tillegg i punkt 2 og 4. Formannskapet sitt framlegg til vedtak med vedtekne tillegg vert samrøystes vedteke.

## **KOM-047/14 VEDTAK:**

1. Den totale driftsramma for budsjett 2015, vert vedteke på kr. 62.425.000 , i tråd med budsjettskjema 1A i saksutgreiinga.
2. Fordeling til drift vert vedteke i tråd med dei nettorammene som er lista opp i budsjettskjema 1B i saksutgreiinga, med følgjande endringar for dei einsskilte driftsåra:

Rammeområde:		2015	2016	2017	2018
800	Anleggsbidrag fiber frå drift til investering	-250 000			
800	Arealplan sjøområde	+250 000			

- Næringsområde Sponevika vert ført frå drift år 2017 til investering år 2015
  - Føresetnad om budsjettbalanse er at redusert gebyrnivå på oppmåling (-50.000), gjev auka tal oppmålingssaker (+3) og dermed tilsvarande auka inntekter (+50.000).
  - Øyremerke kr 50.000 til Bru Ytre Solund / ferjeavløysingsmidlar frå ansvar 800.
3. Det totale finansieringsramma i kapitalbudsjettet for år 2015 vert vedteke med kr. 13.405.406,- i tråd med budsjettskjema 2A i saksutgreiinga.
  4. Fordelinga av investeringane vert vedteke i tråd med dei løyvingane som er lista opp i budsjettskjema 2B i saksutgreiinga, med følgjande endringar for dei einsskilte driftsåra:

<b>Prosjektnamn:</b>	<b>2015</b>	<b>2016</b>	<b>2017</b>	<b>2018</b>
Rehabilitering av 2 kommunale administrasjonshus (slår saman dei 2 eksisterande prosjekta)	200 000	400 000		
Rehabilitering adm.hus	-350 000			
Bibliotek / møtelokale	-200 000	-50 000		
Nytt forprosjekt kommunehus	100 000			
Ny samla ramme for skulen - (samla reduksjon 0,7 mill. pr. år)	2 500 000	2 679 000		
Rehabilitering skule – rentekompensasjon	-1 000 000	-1 060 000		
Auka kostnader (ikkje rentekompensasjon)		-119 000		
Riving "nyefløy"-Nybygg toalett/musikkrom	-2 200 000	-2 200 000		
Nytt forprosjekt løysing ungdomsskule	100 000			
Oppgradering kommunale vegar (vegar til øyane er prioritert i 2015)	-250 000			
Næringsareal Sponevika	250 000			
Ytrøygrend Tun+	-550 000	550 000		
Kommunal eigardel fiberprosjekt Ytre Sula	250 000			
<b>Sum endra investering</b>	<b>-1 150 000</b>	<b>200 000</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

### **Føringar til nye/eksisterande investeringsprosjekt:**

*Forprosjekt kommunehus:*

Det skal vurderast om det er mogleg å samlokalisere kommuneadministrasjon med Solund Næringsbygg, og til kva kostnad.



Det skal også vurderast kva verdi som ligg i sal av eigedommane i hamna.

*Næringsareal Sponevika:*

Dette investeringsprosjektet vert iverksatt dersom næringslivet i Solund uttrykker at det er behov og ynskjer for å setje i gong eit samarbeid om dette. Solund Næringsssamskipnad vert utfordra på dette.

*Ytøygrend Tun+:*

Viss det kjem interessentar vil framdrift bli vurdert på nytt i Solund kommunestyre.

*Veglys - utskifting kvikksøvlampar:*

Dette prosjektet må samordnast med lysplan for Hardbakke.

*Arealplan sjøområde:*

Solund kommunestyre ynskjer ein strategisk plan for kysten av delar av Sogn og Fjordane. Solund kommune kan vere med på medfinansieringa av ein plan gjennom avsette midlar i budsjett for 2015 til arealplanlegging sjø. Dette bør vere ein regional plan.

5. Låneopptaket for år 2015 vert fastsett til kr. **9.083.150**; - herav er kr. 1.235.000 knytt til rentekompenserande lån. Låneopptak til vidare utlån for år 2015, vert fastsett til kr. 500.000.

Vekta avdragstid på låneopptak for 2015 vert fastsett til 25 år.

6. Det skal, som følgje av dette vedtaket, leggjast fram eiga budsjettjusteringssak om redusert låneopptak på kr. 1.416.000 for år 2014.
7. Målformuleringar som skal gjelda for drifta i år 2015:

Det vert gjennomført ein eigen målutviklingsprosess komande år, som følgje av resultatet frå strategisk utviklingsprosess

8. Administrasjonssjefen utarbeider detaljbudsjett med bakgrunn i dei vedtekte rammer
9. Solund kommune går i dialog med Solund Bustadstifting, med målsetjing om å trappe ned subsidieringa av husleige over ein fireårsperiode.
10. Marginavsetnaden vert fastsett til 11%
11. I medhald av eigedomsskattelova (eskl.) §§2og 3 pkt. g) vert det skrive ut eigedomsskatt på «faste eigedomar i heile kommunen, unnateke verk og bruk og annan næringseigedom»
12. Skattesatsen vert fastsett til 2,0 promille, etter eskl. § 13
13. Det vert ikkje gjort avgrensningar av eigedomsskatteområde, utover det som er nemnt i det utskrivingsalternativet som vert vedteke.
14. Takseringsreglementet skal vera gjeldande rettesnor for utskrivinga av skatten.
15. Det vert ikkje gjort differensiering av skattesatsane, utover det som er fastsett i eigedomsskattenemnda sitt vedteke takseringsreglement.

16. Det vert ikkje vedteke botnfrådrag i samband med årets utskrivingsvedtak
17. Det vert fastsett 2 terminar for betaling av eigedomsskatten etter eskl. § 25.
18. Nye søknader om fritak for betaling av eigedomsskatt vert handsama i eiga sak.

## DOKUMENTLISTE:

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	11.07.2014	Det Kongelige kommunal- og moderniseringsdepartement	KRITERIEDATA TIL INNTEKTSSYSTEMET FOR KOMMUNANE 2015
2	I	01.09.2014	KLP	PREMIESATSER I PENSJONSORDNINGEN 2015
3	I	02.10.2014	SEKOM-sekreteriat	BUDSJETT 2015 SEKOM-SEKRETARIAT
4	I	10.10.2014	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	KOMMUNEØKONOMI - BUDSJETTÅRET 2015
11	I	21.10.2014	KRYSS Revisjon	REVISJONSHONORAR FOR 2015
5	I	21.10.2014	Solund sokneråd	INNSPEL TIL BUDSJETT 2015
6	U	24.10.2014	Solund kommunestyre	PRESENTASJON FRAMLEGG TIL STATSBUJSJETT
8	I	28.10.2014	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	HANDSAMING AV BUDSJETT OG ØKONOMIPLAN HJÅ FYLKESMANNEN
9	I	29.10.2014	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	SKJØNNSMIDLAR 2014 - MIDLAR SOM IKKJE TIDLEGARE ER FORDELT
10	I	30.10.2014	SEKOM-sekreteriat	BUDSJETT 2015 FOR KONTROLLUTVALET I SOLUND
13	U	19.11.2014	Avisa Firda	KUNNGJERING BUDSJETT 2015 MED ØKONOMIPLAN 2015 - 2018
15	I	27.11.2014	Nord Solund Vel	OPPGRADERING AV VEGEN INN PÅ HERSVIK. VEDTEKE 12.DESEMBER 2011

## VEDLEGG I SAKA:

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
5	I	21.10.2014	Solund sokneråd	INNSPEL TIL BUDSJETT 2015
9	I	29.10.2014	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	SKJØNNSMIDLAR 2014 - MIDLAR SOM IKKJE TIDLEGARE ER FORDELT
15	I	27.11.2014	Nord Solund Vel	OPPGRADERING AV VEGEN INN PÅ HERSVIK. VEDTEKE 12.DESEMBER 2011

## AKTUELLE LOVER, FORSKRIFTER, AVTALER M.M.:

### KVA SAKA GJELD:

Årsbudsjettet skal vera realistisk og det skal innehalda tilstrekkeleg med midlar til å dekkja kommunen sine løpande økonomiske forpliktingar.

Kommunestyret har vedteke nokre overordna målsetjingar. Årsbudsjettet skal også leggast opp slik at vedtekne målsetjingar kan nåast.

I samband med at budsjettet for 2015 vert vedteke, vil også økonomiplanen for 2015-2018 verta rullert.

## SAKSUTGREIING OG VURDERING:

I samband med utarbeiding av budsjett- og økonomiplanar dei siste åra, har det vorte gjort eit grundig arbeid med å finna fram til og dokumentera kommunen sitt forsvarlege driftsnivå. Det er gjort store grep, både strukturelle og økonomiske for å tilpassa drifta til reduserte rammer.

Regjeringa sitt framlegg til statsbudsjett for 2015, gjev kommunen nye store økonomiske utfordringar.

Kommunen sin realnedgang i frie inntekter vert også denne gongen kompensert med ei ekstra tildeling av skjønsmidlar for 2014. Desse midlane er meint nytta til å løysa utfordringane i 2015, men administrasjonssjefen legg opp til å fordela midlane over fleire driftsår.

Ein har i gjennom dette budsjett- og økonomiplanarbeidet lagt opp til å tilpassa drifta til signalisert rammenivå, samstundes som det vert forsøkt finna ein veg som gjev Solund kommune eit større økonomisk handlingsrom, utanom dei frie inntektene.

Det vert også forsøkt å finna fram til satsingsområde som kan få Solund kommune til å framstå endå meir tidsriktig og framtidsretta. Dette ber årets budsjettframlegg preg av.

Nytt og rimeleg framtreddande i budsjettet er også inntekter, løyvingar og avsetnader som er knytt til kommunestyret sitt vedtak om å ta imot flyktningar.

Framlegget er utviklingsorientert og ekspansivt. Ein vonar på den måten å få klart å snu ei negativ folketalsutvikling. Samstundes skal det køyrast tunge administrative prosessar som t.d. organisasjonsutviklingsprosess, digitaliseringsprosess og kommunereformprosessar. Det vert vist til sjølve budsjettsaka for ytterlegare informasjon om drift og rammevilkår.

### Vurdering av marginavsetnaden:

Marginavsetnaden i Solund kommune er på 11% i dag. Det er grunn til å tru at marginavsetnaden på skatt kunne vore sett opp, sidan skattetrykket i samfunnet ligg an til å gå ned og attendebetalingar av skatt til gode av den grunn kan auka.

Men samanlikna med andre kommunar ligg ein i øvste sjiktet på %-avsetnaden.

Om kommunen har likviditetsmessige utfordringar, kan utviklinga ovanfor borga for å auka marginprosenten noko. Slike utfordringar har ikkje Solund kommune pr. i dag.

Marginavsetnaden vert ståande på ein ekstern ikkje-renteberande konto. Dette er negativt for kommunen sine renteinntekter.

Administrasjonen tilrår difor å halde marginavsetnaden på same nivå som i dag, så lenge dette vert akseptert av skatteemynde.

På dei neste side følgjer lovpålagde budsjettskjema som skal følgja budsjettsaka.

Desse oppstillingane gjev grunnlag for administrasjonssjefen si tilråding i denne saka.



## Budsjettskjema 1B– Budsjett- og økonomiplan 2014-2017

	Skjema 1B - drift	OB - 15	ØP-16	ØP-17	ØP-18
100	Administrasjon, politikk, fellesutgifter m.m.	10 775	10 175	10 150	10 100
120	Rådgevar skuleadm. m.m.	450	900	900	900
121	Solund kulturskule	375	375	375	375
130	Rådgevar samferdsle, plan m.m.	200	200	200	200
210	Solund barne- og ungdomsskule	10 925	10 925	10 925	10 925
211	Ytre Solund skule (går ut)	0	0	0	0
271	Solund barnehage	4 050	4 175	4 175	4 175
300	NAV Solund	675	1 525	1 875	2 175
310	Helsesteneste m.m.	3 150	3 150	3 150	3 150
312	Helsestasjonstenest	425	500	500	500
315	Leiar PU-tenesta	375	375	375	375
360	Leiar interkommunalt barnevern	675	525	525	525
370	Leiar Helse- og omsorg	15 925	15 875	15 875	15 875
371	Avdelingsleiar Solundheimen	250	250	250	250
372	Avdelingsleiar heimebaserte tenester	375	375	375	375
373	Kjøkensjef	225	225	225	225
400	Plan og utvikling	2 400	2 300	2 300	2 300
410	Biblioteksjef	475	475	475	475
420	Leiar frivillegsentral	500	900	900	900
600	Plan og utvikling	1 250	1 250	1 250	1 250
601	Vaktmeister	50	50	50	50
620	Bygg og anlegg	4 025	4 025	4 025	4 025
800	Tillegsløyvingar - Kommunestyre	2 725	700	200	200
800	Tillegsløyvingar - Formannskap	400	200	200	200
800	Tillegsløyvingar - Ordfører	50	50	50	50
800	Tillegsløyvingar - Administrasjonssjef	350	350	350	350
899	Pensjonsoppgjjer og premieavvik	-100	-50	0	50
900	Solund Sokneråd	1 565	1 505	1 480	1 480
900	Andre overordna innt./utg.	-240	-330	-330	-330
<b>0</b>	<b>Fordelt til drift</b>	<b>62 305</b>	<b>60 980</b>	<b>60 830</b>	<b>61 130</b>
<b>0</b>	<b>Forskriftsmessig justering</b>	<b>-120</b>	<b>-120</b>	<b>-120</b>	<b>-120</b>
<b>0</b>	<b>Til fordeling skjema 1A</b>	<b>62 425</b>	<b>61 100</b>	<b>60 950</b>	<b>61 250</b>

## BUDSJETT SKJEMA 2A - Investeringsrekneskopen

	OB - 2015	ØP 2016	ØP 2017	ØP 2018	
LN01	Investeringar i anleggsmidlar (inkl. KLP)	13 875 406	11 330 250	4 378 000	2 380 000
LN02	Utlån og forskotteringar	500 000	500 000	500 000	500 000
LN03	Avdrag på lån	180 000	180 000	180 000	180 000
LN04	Avsetningar	0	0	0	0
<b>LN05</b>	<b>Årets finansieringsbehov</b>	<b>14 555 406</b>	<b>12 010 250</b>	<b>5 058 000</b>	<b>3 060 000</b>
LN07	Bruk av lånemidlar	-10 733 150	-9 431 500	-4 049 000	-1 205 000
LN08	Inntekter frå sal av anleggsmidlar	-1 100 000	-500 000	0	0
LN09	Tilskot til investeringar	-2 312 500	-1 718 750	-375 000	-375 000
LN10	Mottekne avdrag på utlån og refusjonar	-160 000	-160 000	-160 000	-160 000
LN11	Andre inntekter	0	0	0	0
LN12	Sum ekstem finansiering	-14 305 650	-11 810 250	-4 584 000	-1 740 000
LN13	Overført frå driftsbudsjettet	-200 000	-200 000	-474 000	-1 320 000
LN14	Bruk av avsetningar	-49 756	0	0	0
<b>LN15</b>	<b>Sum finansiering</b>	<b>-14 555 406</b>	<b>-12 010 250</b>	<b>-5 058 000</b>	<b>-3 060 000</b>
<b>LN16</b>	<b>Udekkja/ udisponert</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

- For budsjettåret 2015, utgjer bruk av rentekompensasjonslån 1,235 mill.
- For budsjettåret 2016, utgjer bruk av rentekompensasjonslån 1,490 mill.
- Låneopptak for 2014 vert redusert med 1,416 mill. knytt til anleggsbidrag fiberprosjekt, som følgje av dette vedtaket

## Budsjettskjema 2B – Investeringsprosjekt 2015-2018

Skjema 2B - Investeringar				
Finansieringsbehov	ØP - 15	ØP - 16	ØP - 17	ØP - 18
Kvalitetssystem - SYS IKT	225 000	0	0	0
E-handel	150 000	0	0	0
Nytt økonomisystem	0	200 000	0	0
Arbeidsmiljøtiltak	100 000	50 000	50 000	50 000
BULYST - Omdøme-/Profilerings-/Planmaterieil	100 000	100 000	0	0
BULYST - Klatrepark (tilskot)	250 000	0	0	0
BULYST - Tettstadforming (tilskot)	737 500	556 250	0	0
Rehabilitering adm.hus	350 000	0	0	0
Bibliotek / møtelokale	200 000	50 000	0	0
IKT-skule	200 000	160 000	0	0
Avlukke / opprusting dusjanlegg idrettsbygg	250 000	0	0	0
Ombygging skulekjøken til klasse-/grupperom	100 000	0	0	0
Rehabilitering skule - rentekompensasjon	1 000 000	1 060 000	0	0
Auka kostnader (ikkje rentekompensasjon)	0	119 000	0	0
Byggeleing / intern ressursinnsats	100 000	100 000	0	0
Riving "nyeføy"-Nybygg toalett/musikkrom	2 200 000	2 200 000	0	0
Utstyr kulturskule	199 756	0	0	0
Uteområde barnehage	150 000	0	0	0
Uteområdet Solundheimen - Sanseshage	0	100 000	0	0
El-installasjonar Solundheimen	50 000	250 000	0	0
Utstyr Solundheimen	150 000	0	0	0
Nye omsorgsbustader - nettoløyving	150 000	2 100 000	2 823 000	0
Sanitæranlegg Hersvik	200 000	0	0	0
Eigedomsskatt	100 000	0	0	0
Geovekstprosjekt - herunder Plottar	100 000	100 000	100 000	100 000
Adresseprosjekt	175 000	0	0	0
Brannsyn	50 000	100 000	100 000	100 000
Sløkkjeutstyr brannvern	200 000	0	0	0
ENØK	75 000	50 000	75 000	0
Veglys - utskifting kvikksølvmampar	250 000	0	0	0
Oppgradering Hardbakke vassverk	200 000	0	0	0
Oppkjørsel kommunehus - innspel eldreråd	100 000	0	0	0
Kjøp grunn/opparbeiding parkering Kolgrov	100 000	0	0	0
Vegkryss Solneset	73 150	0	0	0
Oppgradering kommunale vegar	250 000	250 000	250 000	250 000
Opprusting vegar øyane	300 000	0	0	0
Oppgradering kaier	100 000	100 000	100 000	100 000
Hardbakke hamn - sikringsarbeid	200 000	0	0	0
Trafikktryggingstiltak	800 000	500 000	500 000	500 000
Ekspressbåtstopp Hardbakke	100 000	0	0	0
Veg Sjøneset	100 000	100 000	100 000	0
Veg Skarnagel - eigne midlar	1 125 000	1 125 000	0	0
Veg Dalesund - Tangenes/Leirvika	800 000	0	0	0
Nytt bustadfelt Hardbakke - lån	400 000	1 250 000	0	0
Bustadfelt Storehaugen	50 000	0	0	0
Ytroygrend Tun+	550 000	0	0	0
Kunstgras Idrettsbane - nettoløyving	200 000	0	0	0
Rassikring veg til Kverhella	100 000	0	0	0
Investeringsstilskot Solund Sokneråd	100 000	100 000	100 000	100 000
Investeringsprosjekt Sokneråd m/rentekompensasjon	235 000	430 000	0	0
Uspesifisert nettoramme prosjekt	0	0	0	1 000 000
EK KLP	180 000	180 000	180 000	180 000
Betalte avdrag på utlån	180 000	180 000	180 000	180 000
<b>Sum finansieringsbehov</b>	<b>14 055 406</b>	<b>11 510 250</b>	<b>4 558 000</b>	<b>2 560 000</b>
Utlån	500 000	500 000	500 000	500 000
<b>Ny sum finansieringsbehov</b>	<b>14 555 406</b>	<b>12 010 250</b>	<b>5 058 000</b>	<b>3 060 000</b>

**ETTER ENDELEG VEDTAK UTSKRIFT TIL:**



Dato: 28.11.2014

Vår referanse: 14/804

Arkiv: FE-007

## Beskytt kommunen! Håndbok i antikorrupsjon Frå Etikkonferansen 2014

Klipp frå KS sine nettsider den 28.11.14 med ein artikkel som var publisert 25.11.14. Vi legg dette notatet ved som informasjon under skriv og meldingar i kontrollutvala. [Her finn du lenke til Etikportalen der du finn meir om emnet.](#)

### Beskytt kommunen! Etikkonferansen 2014

25.11.2014

[f](#) [t](#) [in](#) [e](#) [Skriv ut](#) [Tips](#)

På etikkonferansen 2014 ble det lansert en ny versjon av "Beskytt kommunen!", en håndbok i antikorrupsjon. Flere innledere bidro til et rikholdig og bredt program på konferansen.



- Et godt etisk immunforsvar angår oss alle, men vi som politiske ledere har et særskilt ansvar, sa kommunal- og moderniseringsminister Jan Tore Sanner.

Statsråden fikk overrakt håndboken personlig, av nestleder i KS, Bjørn Arild Gram.

- Å styrke lokaldemokratiet er noe av det viktigste arbeidet KS gjør, og da er det helt vesentlig at innbyggerne har høy tillit til de folkevalgte.

#### Et godt samarbeid

- Vi ønsker oss at etiske dilemmaer bør diskuteres høyt og tydelig på alle arbeidsplasser, sa Guro Slettmark, som leder Transparency International.

Organisasjonen jobber for "en verden fri for korrupsjon" og har siden 2011 etablert et nettverk for 40 kommuner og fylkeskommuner i samarbeid med KS. På Etikkonferansen 2014 ble noen av resultatene fra samarbeidsprosjektet presentert, deriblant en fornyet utgave av "Beskytt kommunen! Håndbok i antikorrupsjon".

Håndboka henvender seg til folkevalgte, ledere, ansatte og tillitsvalgte i kommuner og fylkeskommuner og gir gode råd for hvordan jobbe aktivt med å forebygge, avdekke og håndtere korrupsjon.

Mange innledere bidro til et rikholdig program på konferansen, og flere av presentasjonene kan hentes frem nedenfor her.

#### Eksempelbank

Det er også laget en eksempelbank "Korrupsjonsfaren i kommuner –sårbarhet, verktøy og metoder" som oppsummerer noen erfaringer og råd om korrupsjonsforebyggende arbeid fra kommuner og fylkeskommuner som har deltatt i KS og TI's korrupsjonsforebyggende nettverk 2013- 2014. Her gis eksempler på sårbarhet og risikoområder i kommunene, beskrivelse av forebyggende tiltak og systemer, samt verktøy for holdningsskapende aktiviteter. Det gis også noen anbefalinger om hva ledelsen/kommunens administrative ledelse kan gjøre. Kommunene må selv etablere sine systemer og fastsette nivå og mål for eget arbeid.

#### KONTAKTPERSONER FOR DENNE SAKEN

[Spikkeland, Lise](#) Lokaldemokrati og kommuneøkonomi  
[Lise.Spikkeland@ks.no](mailto:Lise.Spikkeland@ks.no)

#### SENTRALE LENKER OG DOKUMENTER

-  [Beskytt kommunen! Håndbok i antikorrupsjon](#)
-  [Korrupsjonsfaren i kommuner](#)
-  [Bjørn Arild Gram Tillit til lokaldemokratiet](#)
-  [Alexandra Bech Gjerv Korrupsjon i kommunene](#)
-  [Tor Dølvik Hva har kommunene lært oss?](#)
-  [Erik Amnå Tillitens gränser](#)
-  [Helge Eide 2600 kommunalt eide selskaper](#)

Med helsing

Arnar Helgheim

Dagleg leiar

Tlf 57 61 27 85 / 975 81 418

[ah@sekom.no](mailto:ah@sekom.no)

## Skriv og melding i kontrollutvala og styret for SEKOM-sekretariat

Dato: 12.01.2015  
Vår referanse: 15/79  
Arkiv: FE-000

## Evaluering av kontrollutval og kontrollutvalssekretariat Til informasjon

Kommunal- og moderniseringsdepartementet har tinga rapport med evaluering av kontrollutval og sekretariat frå Deloitte. Klipp frå Regjeringen.no pr 12.1.15:

The screenshot shows the top of the Regjeringen.no website. The header is dark blue with the Norwegian coat of arms and the text 'Regjeringen.no'. Below the header is a navigation menu with items: Tema, Dokumenter, Aktuelt, Departementene, and Regjeringen. A search bar is on the right. Below the menu, there is a breadcrumb trail: 'Du er her: Regjeringen.no > Dokumenter > Rapporter og planer > Evaluering av kontrollutvalg og kontrollutvalssekretariat'. The main content area has the title 'Evaluering av kontrollutvalg og kontrollutvalssekretariat' and the subtitle 'Rapport | Publisert: 09.01.2015'. The text describes a report by Deloitte for the Kommunal- og moderniseringsdepartementet. A 'RELATERT' section contains a link to 'Evaluering av kontrollutvalg og kontrollsekretariat'. The footer of the screenshot shows the text: 'Rapporten tegner et bilde av at kontrollutvalgene i stor grad fyller sin funksjon i kommunene på en god måte og er oversendt til kommunelovutvalget.'

Pdf-versjon av rapporten: [www.regjeringen.no -> Dokumenter -> Rapporter og planer](http://www.regjeringen.no -> Dokumenter -> Rapporter og planer).

Med helsing

Arnar Helgheim  
Dagleg leiar  
Tlf 57 61 27 84 / 975 81 418  
ah@sekom.no

# SEKOM-sekretariat

<b>Saksgang</b> Solund kontrollutval	<b>Møtedato</b> 02.03.2015	<b>Saksnr</b> 003/15
---	-------------------------------	-------------------------

<b>Sakshandsamar:</b> Arnar Helgheim	<b>Arkiv:</b> FE-210, Komnr-1412	<b>Arkivsaknr.:</b> 15/166
---	-------------------------------------	-------------------------------

## Prosjektstatus og byggerekneskap

### Vedlegg:

#### Tilråding frå SEKOM-sekretariat:

*(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).*

Informasjonen vert teken til orientering.

...

### Saksutgreiing:

Rådmannen vert kalla inn for å orientere om prosjektstatus og byggerekneskap. Vi viser til sak 24/14 den 28.10.14:

#### **024/14: Eventuelt**

##### **Tilråding:**

*(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).*

##### **Handsaming i Solund kontrollutval 28.10.2014:**

*Framlegg til vedtak frå kontrollutvalet: Rådmannen vert kalla inn på 1. møte i 2015 for å orientere om prosjektstatus og byggeregnskap.*

*Samrøystes vedteke*

# SEKOM-sekretariat

<b>Saksgang</b> Solund kontrollutval	<b>Møtedato</b> 02.03.2015	<b>Saksnr</b> 004/15
---	-------------------------------	-------------------------

<b>Sakshandsamar:</b> Audhild Ragni Vie Alme	<b>Arkiv:</b> FE-216	<b>Arkivsaknr.:</b> 15/87
---	-------------------------	------------------------------

## Revisor sin eigenvurdering av uavhengigheit

### Vedlegg:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
02.02.2015	Uavhengighetserklæring Solund, KRYSS Revisjon datert 20.1.2015	1529

### Tilråding frå SEKOM-sekretariat:

*(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).*

Kontrollutvalet tek oppdragsansvarleg revisor, Terje Førde, si eiga vurdering av revisor sin uavhengigheit datert 20.1.2015 til orientering.

...

### Saksutgreiing:

Terje Førde, oppdragsansvarleg revisor, har i brev datert 20.1.2015 gjeve ei skriftleg eigenvurdering av sin uavhengigheit, sjå vedlagde erklæring.

I fylgje revisjonsforskrifta §15 skal oppdragsansvarleg revisor kvart år gje ei skriftleg eigenvurdering av sin uavhengigheit til kontrollutvalet. Krav til uavhengigheit og objektivitet gjeld også revisor sine medarbeidarar, men det er berre oppdragsansvarleg revisor som er pliktig til å legge fram ei skriftleg vurdering for kontrollutvalet.

*Kontrollutvalet  
i Solund kommune*

Dykkar ref.:	Vår ref.:	Arkivkode:	Journalnr.:	Dokumentdato:
	Revplan 2015\ Erklæring2015Solund/tf	216&30	001 / 2015	20. januar 2015

## VURDERING AV UAVHENGIGHEIT 1412 SOLUND KOMMUNE

### Innleiing:

Solund kommune sin revisor er *Kommunerevisjonen i Ytre Sogn og Sunnfjord*; etablert som eit interkommunalt revisjonssamarbeid, organisert etter Kommuneleva § 27, med tilhøyrande samarbeidsavtale og vedtekter. I det daglege nyttar ein forkortinga KRYSS Revisjon. I følgje forskrift om revisjon av 15.06.2004, § 15, skal oppdragsansvarleg revisor minimum kvart år avgje ei skriftleg eigenvurdering av sin uavhengigheit til kommunen sitt Kontrollutval.

Krav til uavhengigheit og objektivitet gjeld også for revisor sine medarbeidarar, men det er kun *oppdragsansvarlege* revisorar som *plikter* å legge fram ei skriftleg vurdering for Kontrollutvalet. I KRYSS Revisjon sine revisjonsplanar vil vurdering av uavhengigheita til kvar einskild revisor i kommunen sitt revisjonsteam, inngå som eit eige punkt i revisjonsplanen. Oppdragsansvarleg revisor, og dei øvrige revisorar som har befatning med oppdraget, vil ha utarbeida sine særskilde, skriftlege eigenvurderingar, og desse vil ligge som dokumentasjon i planverket og er til eikvar tid gjenstand for ettersyn og kvalitetskontroll frå overordna myndigheit for vårt arbeide.

Både Kommuneleva (§ 79) og Forskrift om revisjon (kap. 6) stiller krav til revisor sin uavhengigheit. Krava er nærare beskrivne nedanfor.

### Lova og forskriftene sine krav til uavhengigheit:

I flg. Kommuneleva § 79 og § 13 i forskrift om revisjon kan den som gjennomfører revisjonsarbeid ikkje:

1. vere tilsett i andre stillingar i kommunen eller i verksemd som kommunen deltek i
2. vere medlem av styrande organ i verksemd som kommunen deltek i
3. delta i, eller ha funksjonar i annan verksemd, når dette kan føre til at vedkomande sine interesser kjem i konflikt med interessene til oppdragsgjever, eller på annan måte er eigna til å svekke tilliten til den som føretek revisjon
4. ha nærstående (ektefelle, sambuar, nære slektningar) som har slik tilknytning til den reviderte at det kan svekke revisor si uavhengigheit og objektivitet.

---

#### Regionskontor for kommunane:

Flora, Bremanger  
**Flora kommune**, Strandgt. 43, 2. etg., 6900 Florø  
Tlf. Terje Førde: 57 61 26 40 eller  
57 61 26 41, evt. mobil tlf. 99 22 92 27  
Tlf. Trine Vokuhl, 57 61 26 48;  
- evt. mobil tlf. 91 74 20 35

#### Hovudkontor/regionskontor for kommunane:

Førde, Jølster, Naustdal, Gaular, Askvoll  
**Førde kommune**, Rådhuset, Hafstad 28, 6800 Førde  
Postboks 487, 6802 Førde. Tlf. Terje Førde, 57 61 26 41  
Tlf. Charles Litsheim, 57 61 26 42, mobil. 91 33 30 46  
Tlf. Stig Årdal, 57 61 26 45, mobil: 90 52 48 55  
Tlf. Kari Sygna, 57 61 26 43, mobil: 97 98 13 22  
Tlf. Asgeir Tveit, 57 61 26 44, mobil: 90 87 43 88

#### Regionskontor for kommunane:

Hyllestad, Fjaler, Gulen, Solund  
**Hyllestad kommune**, 6957 Hyllestad  
Tlf. regionskontoret; 57 78 85 47  
Tlf. Aud Marit Nyland Eide, 57 61 26 46  
- evt mobil tlf. 99 23 52 16  
Tlf. Torill Nordstrand, 57 61 26 47;  
- evt. mobil tlf. 47 65 50 93

I tillegg stiller lova, § 79, og revisjonsforskrifta, § 14, følgjande begrensingar:

5. revisor kan ikkje utføre rådgjevingstenester eller andre tenester der dette er eigna til å påverke eller reise tvil om revisor sin uavhengigheit og objektivitet
6. revisor kan ikkje yte tenester som høyrer inn under den revisjonspliktige (dvs. den reviderte; - kommunen, føretaket, særbedrifta, verksemda) sine egne leiaroppgåver og/eller kontrolloppgåver
7. revisor kan ikkje opptre som fullmektig for den revisjonspliktige; - unnateke ved bistand i skattesaker, m.v., etter domstollova
8. det må ikkje ligge føre andre særeigne forhold som er eigna til å svekke tilliten til revisor sin uavhengigheit og objektivitet ved gjennomføringa av revisjonsoppgåvene

**Revisor sin eigenvurdering av punkta ovanfor:**

Pkt. 1: Tilsettingsforhold	<i>Underteikna har ikkje tilsettingsforhold i andre stillingar enn i Kommunerevisjonen i Ytre Sogn og Sunnfjord (KRYSS Revisjon).</i>
Pkt. 2: Medlem i styrande organ	<i>Underteikna er ikkje medlem av styrande organ i noko verksemd som kommunen tek del i.</i>
Pkt. 3: Delta eller inneha funksjonar i annan verksemd, som kan føre til interessekonflikt eller svekka tillit	<i>Underteikna deltek ikkje i, eller innehar funksjonar i anna verksemd, som kan føre til interessekonflikt eller svekka tillit til rolla som revisor.</i>
Pkt. 4: Nærstående	<i>Underteikna har ikkje nærstående som har tilknytning til kommunen, som har betydning for min uavhengigheit og objektivitet.</i>
Pkt. 5: Rådgjevingstenester eller andre tenester som er eigna til å påverke revisor sin habilitet	<i>Underteikna stadfestar at det for tida ikkje vert ytt rådgjevingstenester eller andre tenester overfor kommunen som kjem i konflikt med denne bestemmelsen. Før slike tenester vert utført av KRYSS Revisjon, blir det gjort ei vurdering av rådgjevinga eller tenesta sin art i forhold til revisor sin uavhengigheit og objektivitet. Dersom vurderinga konkluderer med at utøvinga av slik teneste kjem i konflikt med bestemmelsane i forskrifta § 14, skal revisor ikkje utføre tenesta. Kvar enkelt tilfelle må vurderast særskilt. Revisor besvarer daglege spørsmål og henvendelsar som er å betrakte som veiledning og bistand i det løpande forvaltningsarbeidet i kommunen, og ikke revisjon. Ordlyden i paragrafen seier at også slike veiledningar må skje med varsemd og på ein måte som ikkje bind opp revisor sine seinare revisjons- og kontrollvurderingar. I eit kvart forvaltningsrevisjonsprosjekt vert det innteke eit eige avsnitt der vi konkret vurderer vår uavhengigheitsaspekt for KRYSS Revisjon som selskap, og for den/dei medarbeidarar som faktisk og reelt vert involvert i gjennomføringa av forvaltningsrevisjonsprosjektet.</i>

Pkt. 6: Tenester under kommunen sine egne leiaroppgåver og kontrolloppgåver (intern kontroll, m.v.)	<i>Underteikna stadfester at det for tida ikkje vert ytt tenester overfor kommunen som høyrer inn under kommunen sine egne leiaroppgåver og kontrolloppgåver.</i>
Pkt. 7: Opptre som fullmektig for den revisjonspliktige	<i>Underteikna stadfester at korkje revisor eller KRYSS Revisjon for tida opptrer som fullmektig for Solund kommune.</i>
Pkt. 8: Andre særeigne forhold	<i>Underteikna kjenner ikkje til andre særeigne forhold som er eigna til å svekke tilliten til min uavhengigheit og objektivitet overfor oppdraget Solund kommune.</i>

Revisjonssjef forvaltning, *Charles Litsheim*, forvaltningsrevisor *Stig Årdal* og operasjonelle/utøvande finansielle revisorar overfor Solund kommune, *Aud Marit Nyland Eide* og *Torill Nordstrand*, avgjev særskilde uavhengigheitserklæringar for 2015. Desse er oppbevart som dokumentasjon hos oss, som vedlegg til denne erklæring.

Praksis er ein årleg gjennomgang og internvurderingar av alle forhold som knyter seg til eit-kvart oppdrag som sorterer inn under kommunen. Praksis er også at desse dokumenta er undergjeve *ekstern kvalitetskontroll frå ekstern kontrollmyndigheit*. Lovkravet og praksis er også at oppdragsansvarleg sin årlege uavhengigheitserklæring blir lagt fram for Kontrollutvalet og Kommunestyret.

Erklæringane for 2015 avløysar erklæringane gjeve for driftsåret 2014, og vert med dette lagt fram for oppdraget/kommunen og i samsvar med revisjonsforskriftene for kommunal revisjon, § 15.

Førde, den 20. januar 2015

  
 Kommunerevisjonen  
 Ytre Sogn og Sunnfjord  
 Postboks 87, 6201 Førde  
 Terje Førde  
 Dagleg leiar/Revisjonssjef  
 Dagleg leiar/Revisjonssjef  
**KRYSS Revisjon**  
 Kommunerevisjonen i  
 Ytre Sogn og Sunnfjord

Kopi:

Kommunestyret i Solund  
 Solund kommune v/Rådmannen  
 Solund kommune v/Ordføraren



# SEKOM-sekretariat

<b>Saksgang</b> Solund kontrollutval	<b>Møtedato</b> 02.03.2015	<b>Saksnr</b> 005/15
---	-------------------------------	-------------------------

<b>Sakshandsamar:</b> Arnar Helgheim	<b>Arkiv:</b> FE-040	<b>Arkivsaknr.:</b> 15/170
---	-------------------------	-------------------------------

## Årsmelding 2014 - Solund kontrollutval

### Vedlegg:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
23.02.2015	Årsmelding 2014	1756

### Tilråding frå SEKOM-sekretariat:

*(Saka går vidare til kommunestyret).*

Framlegg til årsmelding datert 23.2.15, vert godkjent.

...

### Saksutgreiing:

Årsmeldinga er stila til kommunestyret og er eit ledd i rapporteringa til dette organet, jfr. kommunelova § 77 pkt. 6, som seier at kontrollutvalet skal rapportere resultatet av sitt arbeid til kommunestyret.

Årsmeldinga inneheld opplysningar om medlemmer i kontrollutvalet, kven som har vore sekretariat og revisor for kontrollutvalet, omtale av saker som har blitt handsama og sendt vidare til kommunestyret, orienteringar frå rådmannen, og rekneskaps- og forvaltningsrevisjon.

# Solund kontrollutval

## Årsmelding 2014



### Kontrollutvalet si handsaming

Dato: 02.03.2015

Saksnummer: 005/15

Referanse: 15/434

## Innleiing

Virkeområda til kontrollutvalet er fastsett i kommunelova § 77. Til denne paragrafen er det ei eiga forskrift: Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar. Kontrollutvalet skal føre tilsyn og kontroll med den kommunale forvaltninga på vegner av kommunestyret og sjå til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning.

SEKOM-sekretariat har vore sekretariat for kontrollutvalet i 2014. KRYSS Revisjon har vore revisor både for rekneskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon.

## Medlemar

Faste medlemar	
1	Rune Steinsund, leiar
2	Heidi Sanden, nestleiar
3	Steinar Krakhellen
Varamedlemar	
1	Silje Lending
2	May-Britt Tangenes
3	Hans I Steinsund

## Møte og saker

Utalet hadde 4 møte i 2014 og handsama 24 saker. I 2013, var det 3 møte og 21 saker.

### Saker til kommunestyret

Desse sakene har gått vidare frå kontrollutvalet anten til handsaming eller til orientering:

Møtedato	Sak nr	Sakstittel
13.03.2014	4	Årsmelding frå kontrollutvalet
10.06.2014	10	Årsrekneskapen 2013 - Solund kommune
04.09.2014	16	Forvaltningsrevisjonsrapport - sjukefråvær og system for oppfølging
28.10.2014	22	Budsjett for kontrollutvalet

### Forvaltningsrevisjon og selskapskontroll

Det har ikkje vore gjennomført selskapskontroll i 2014. Rapport frå forvaltningsrevisjon om «Sjukefråvær og system for oppfølging» vart sendt over til kommunestyret den 4.9.14. Nytt prosjekt vart tinga i møte den 10.6.14: Vurdere bemanninga og ressursbruken på ulike tenesteområde. Frist for rapport frå dette prosjektet er sett til 30.4.15.

## Oppsummering

Alle saklister med vedlegg og møtebøker for kontrollutvalet er tilgjengeleg på sekretariatet sine nettsider: [www.sekom.no](http://www.sekom.no).

## Underskrifter

Rune Steinsund, leiar

Heidi Sanden, nestleiar

Steinar Krakhellen

# SEKOM-sekretariat

<b>Saksgang</b> Solund kontrollutval	<b>Møtedato</b> 02.03.2015	<b>Saksnr</b> 006/15
---	-------------------------------	-------------------------

<b>Sakshandsamar:</b> Audhild Ragni Vie Alme	<b>Arkiv:</b> FE-033	<b>Arkivsaknr.:</b> 14/378
---	-------------------------	-------------------------------

## Møteplan 2015 for Solund kontrollutval

### Vedlegg:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
22.12.2014	Vedtak KOM-055/14 Møteplan for formannskap og kommunestyre, handsama 4.12.2014.doc	1123

### Tilråding:

*(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).*

Møteplan 2015 for Solund kontrollutval vert godkjent med følgjande datoar:  
2. mars, 1. juni, 18. september og 30. november.

### Saksutgreiing:

I arbeidet med å koordinere møta til kontrollutvala i SEKOM-sekretariat sitt område, og for at kontrollutvalsmedlemene skal kunne koordinere sine planar og gjeremål, har ein funne det tenleg å lage planar for kva tid kontrollutvalsmøta skal haldast i dei 15 kommunane.

I planen for kvar kommune er det, teke omsyn til kva tid det skal vere formannskaps- og kommunestyremøte. Planen må sjåast på som eit utgangspunkt for møte. Det kan kome endringar som følgje av saker som kjem til og som hastar, eller av andre årsaker. Møteinnkalling vert sendt ut ei veke før møtedato.

Nedanfor er det sett opp samla møteplan 2015 for kontrollutval, formannskap og kommunestyre i Solund.

MÅNAD	JAN	FEB	MAR	APR	MAI	JUN	JUL	AUG	SEP	OKT	NOV	DES
KONTROLLUTVAL			2			1			18		30	
FORMANNSKAP		12	19	30	28				10	15	12./26.	
KOMMUNESTYRET			26			11				22./29.		10

Nytt kommunestyre etter valet 14 september, vert konstituert i møte 29. oktober, jfr. vedteken møteplan 2015 for Solund kommune, KOM-055/14.

SEKOM-sekretariat startar med møter og opplæring av kontrollutvala, etter at kommunane har føreteke val av nye kontrollutval og sendt ut opplysningar om dette.



## Sakspapir

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Saksnr.	Møtedato	Sakshandsamar
FORMANNSKAP	084/14	26.11.2014	ERIASK
KOMMUNESTYRE	055/14	04.12.2014	ERIASK

<b>Avgjerd av:</b> Solund kommunestyre	<b>Arkiv:</b> K1-033 <b>Objekt:</b>	<b>Arkivsaknr</b> 14/522
--	--	-----------------------------

### MØTEPLAN FOR FORMANNSKAP OG KOMMUNESTYRE 2015

#### ADMINISTRASJONSSJEFEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Solund kommunestyre vedtek slik møteplan for 2015:

Formannskap:	Kommunestyre:
12.02	
19.03	
	26.03
30.04	
28.05	
	11.06
10.09	
14.09 (valdag/valstyre)	
15.10	
	22.10 (siste møte for avtroppende kommunestyre)
	29.10 (konstituerande møte)
12.11	
26.11	
	10.12

*Fast møtedag er torsdag.*

*Ordfører, i samråd med formannskapet, får fullmakt til å gjere heilt naudsynte endringar i møteplanen.*

#### **26.11.2014 FORMANNSKAP**

*Votering:*

Administrasjonssjefen sitt framlegg til vedtak vert samrøystes vedteke.

## **FOR-084/14 VEDTAK:**

Solund kommunestyre vedtek slik møteplan for 2015:

Formannskap:	Kommunestyre:
12.02	
19.03	
	26.03
30.04	
28.05	
	11.06
10.09	
14.09 (valdag/valstyre)	
15.10	
	22.10 (siste møte for avtroppende kommunestyre)
	29.10 (konstituerande møte)
12.11	
26.11	
	10.12

*Fast møtedag er torsdag.*

*Ordfører, i samråd med formannskapet, får fullmakt til å gjere heilt naudsynte endringar i møteplanen.*

## **204.12.2014 KOMMUNESTYRE**

*Votering:*

Formannskapet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

## **KOM-055/14 VEDTAK:**

Solund kommunestyre vedtek slik møteplan for 2015:

Formannskap:	Kommunestyre:
12.02	
19.03	
	26.03
30.04	
28.05	
	11.06
10.09	
14.09 (valdag/valstyre)	
15.10	
	22.10 (siste møte for avtroppende kommunestyre)
	29.10 (konstituerande møte)
12.11	
26.11	
	10.12

*Fast møtedag er torsdag.*

*Ordfører, i samråd med formannskapet, får fullmakt til å gjere heilt naudsynte endringar i møteplanen.*



**DOKUMENTLISTE:**

**VEDLEGG I SAKA:**

**Nr T Dok.dato Avsender/Mottakar Tittel**

**AKTUELLE LOVER, FORSKRIFTER, AVTALER M.M.:**

**KVA SAKA GJELD:**

**SAKSUTGREIING:**

**VURDERING:**

**ETTER ENDELEG VEDTAK UTSKRIFT TIL:**

Solund kommunestyre

Leiarar politiske parti

Felles eldreråd og råd for funksjonshemma i Solund  
Solund ungdomslag, postboks 60, 6921 HARDBAKKE

KRYSS Revisjon, 6957 HYLLESTAD  
SEKOM-sekrketariat, postboks 338, 6802 FØRDE

# SEKOM-sekretariat

<b>Saksgang</b> Solund kontrollutval	<b>Møtedato</b> 02.03.2015	<b>Saksnr</b> 007/15
---	-------------------------------	-------------------------

<b>Sakshandsamar:</b> Audhild Ragni Vie Alme	<b>Arkiv:</b> FE-040	<b>Arkivsaknr.:</b> 14/261
---	-------------------------	-------------------------------

## Oppfølgingsliste 1-2015

### Vedlegg:

### Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Kontrollutvalet tar gjennomgangen av oppfølgingslista til orientering.

### Saksutgreiing:

Status over saker som er handsama i kontrollutvalet og som utvalet skal følge opp eller sjekke ut seinare.

Sak	Dato	Status
06/09 Kontrollutvalsarbeid – tiltak	11.02.09	Informasjon frå rådmannen/einingane. Kvartalsrapportar som skriv og melding. Tilsynsrapportar frå fylkesmannen som skriv og melding. Orientering frå revisor. Kvalitetsrapportar frå revisor som gjeld Solund. Årleg orientering om byggjerekneskap.
Forvaltningsrevisjon «Sjukefråvær og system for oppfølging».	5.6.2013 29.10.2013 11.7.2014 4.9.2014  5.9.2014 23.10.2014	Sak 12/13 Tinga og sendt til KRYSS-revisjon. Frist: 31. mai 2014. Sak 018/13 Prosjektplan godkjent. Revisjonsrapport levert av KRYSS-revisjon. Vedtak sak 16/14: Kontrollutvalet viser til forvaltningsrevisjonsrapport – Sjukefråvær og system for oppfølging, datert 11.7.2014, og ber administrasjonen ta tilrådingane frå revisor med seg i det vidare arbeidet med å utvikle eit godt system for oppfølging av sjukefråværet i Solund kommune i tråd med arbeidsmiljølov, folketrygdelov og eigne rutinedokument. Sendt Solund kommune/kommunestyret. Sak 043/14 i kommunestyret
Forvaltningsrapport – Vurdere bemanninga og ressursbruken på ulike tenesteområde.	10.6.2014 11.6.2014 4.9.2014	Sak 11/14 Val og tinging av rapport. <b>Leveringsfrist: 30.4.2015.</b> Sendt til KRYSS Revisjon Sak 017/14 Prosjektplan godkjent.

Sak 022/14 Budsjett 2015 for kontrollutvalet i Solund	28.10.2014	Vedtak: Kontrollutvalet tilrår følgende budsjett for drift av kontrollutvalet på teneste 11051:																				
	<table border="1"> <thead> <tr> <th>Konto</th> <th></th> <th>Budsjett 2015</th> </tr> </thead> <tbody> <tr> <td>10800</td> <td>Godtgjersle folkevalde</td> <td>20 000</td> </tr> <tr> <td>10990</td> <td>Arbeidsgjevaravgift</td> <td>2 000</td> </tr> <tr> <td>11500</td> <td>Opplæring/kurs/seminar</td> <td>10 000</td> </tr> <tr> <td>11600</td> <td>Reise- og kostgodtgjersle</td> <td>2 500</td> </tr> <tr> <td>11950</td> <td>Kontingent FKT</td> <td>1 500</td> </tr> <tr> <td></td> <td><b>Sum drift</b></td> <td><b>36 000</b></td> </tr> </tbody> </table>		Konto		Budsjett 2015	10800	Godtgjersle folkevalde	20 000	10990	Arbeidsgjevaravgift	2 000	11500	Opplæring/kurs/seminar	10 000	11600	Reise- og kostgodtgjersle	2 500	11950	Kontingent FKT	1 500		<b>Sum drift</b>
Konto		Budsjett 2015																				
10800	Godtgjersle folkevalde	20 000																				
10990	Arbeidsgjevaravgift	2 000																				
11500	Opplæring/kurs/seminar	10 000																				
11600	Reise- og kostgodtgjersle	2 500																				
11950	Kontingent FKT	1 500																				
	<b>Sum drift</b>	<b>36 000</b>																				
	30.10.2014	Sendt til Solund kommunestyre																				
Sak 024/14 Eventuelt	28.10.2014	Vedtak: Rådmannen vert kalla inn på 1. møte i 2015 for å orientere om prosjektstatus og byggeregnskap.																				
	30.10.2014	Sendt til Solund kommune/rådmannen																				

# SEKOM-sekretariat

<b>Saksgang</b> Solund kontrollutval	<b>Møtedato</b> 02.03.2015	<b>Saksnr</b> 008/15
---	-------------------------------	-------------------------

<b>Sakshandsamar:</b> Arnar Helgheim	<b>Arkiv:</b> FE-	<b>Arkivsaknr.:</b> 15/168
---	----------------------	-------------------------------

## Eventuelt

### Vedlegg:

Ingen vedlegg i saka.

### Tilråding:

*(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).*